

# Sikkerheitsnettet som tek imot om eg fell – men som også kan fange meg.

Korleis erfarer menneske med psykiske lidingar ei innlegging i psykisk helsevern? Eit samarbeidsbasert forskingsprosjekt mellom forskarar og brukarar.

---

Kari Eldal

Avhandling for graden philosophiae doctor (ph.d.)  
Universitetet i Bergen  
2019

UNIVERSITETET I BERGEN



# **Sikkerhetsnettet som tek imot om eg fell – men som også kan fange meg.**

Korleis erfarer menneske med psykiske lidingar ei innlegging i psykisk helsevern? Eit samarbeidsbasert forskingsprosjekt mellom forskarar og brukarar.

Kari Eldal



Avhandling for graden philosophiae doctor (ph.d.)  
ved Universitetet i Bergen

Disputasdato: 09.12.2019

© Copyright Kari Eldal

Materialet i denne publikasjonen er omfattet av åndsverkslovens bestemmelser.

År: 2019

Tittel: Sikkerhetsnettet som tek imot om eg fell – men som også kan fange meg.

Navn: Kari Eldal

Trykk: Skipnes Kommunikasjon / Universitetet i Bergen

## Fagmiljø

Denne avhandlinga er fullfinansiert av Høgskulen på Vestlandet, Institutt for helse- og omsorgsvitskap, og er eit samarbeid med Helse Førdes forskingsgruppe for psykisk helse og rus. Eg er teken opp ved Institutt for klinisk psykologi, Det psykologiske fakultet ved UiB, og tilknytt Graduate School of Clinical and Developmental Psychology (CDP). Mine rettleiarar er professor Christian Moltu, ph.d., fagsjef og spesialist i klinisk vaksenpsykologi ved Helse Førde; førsteamanuensis Marius Veseth, ph.d. ved Institutt for klinisk psykologi, Universitetet i Bergen; og førsteamanuensis Eli Natvik, ph.d. og fysioterapeut ved Fakultet for helse og sosialfag, Høgskulen på Vestlandet.

Eg har teke ph.d.-kurs ved Universitetet i Bergen, Høgskulen i Volda, Universitetet i Agder og Roskilde Universitet. Eg har delteke på forskingsseminar i regi av forskingsgruppa for psykisk helse og rus ved Helse Førde / Høgskulen på Vestlandet. I tillegg har eg vore på forskingsutveksling ved Yale School of Medicine, Department of Psychiatry – Program for Recovery and Community Health.

## Takk til

Eg vil gjerne takke alle medforskarane – Solfrid, Oda, Åse, Camilla og Dorte – som har bidrege til å utvikle dette forskingsprosjektet. De har vore med i heile prosjektet og jobba med alt frå å skrive utlysingstekst til å analysere data og formidle funn. Resultatet av denne studien hadde ikkje blitt det same utan dykkar bidrag. De har tort å dele og å vere ærlege og kritiske i samtalene våre. Eg vil spesielt takke medforskarkoordinator Åse Skjølberg. Samtalene med deg om stort og smått har verkeleg fått dette prosjektet til å ta form. Utan din innsats ville vi ikkje ha klart å samle heile gruppa i alle desse åra.

Eg vil også takke alle deltakarane som har sagt ja til å stille som informantar i studien. Denne studien hadde ikkje kunne blitt skriven dersom de ikkje hadde vore villige til å delta. Eg vil også takke Helse Førde for at vi fekk tilgang og lov til å forske i helseføretaket.

Eg er svært takknemleg overfor rettleiarane mine, Christian Moltu, Marius Veseth og Eli Natvik. De har tolmogig stilt opp og rettleia og støtta meg gjennom desse fire åra, og hatt tru på meg når eg sjølv ikkje har hatt det. De har utfordra meg, late meg få trekke meg tilbake og stilt opp når eg har trengt det. Takk til alle tre for gode samtaler. Måten de har rettleia meg på, vil eg prøve å vidareføre når eg sjølv skal rettleie andre.

Eg vil også takke professor Larry Davidson ved Yale University. Larry var med på tidlege diskusjonar og idémyldring om brukarinvolvering i forskning samt i diskusjonen om forskningsspørsmål og intervjuguide. Eg fekk også besøke Yale hausten 2018 for å betre forstå korleis ein kan jobbe recovery-orientert. Davidson har også vore med som medforfattar på alle tre artiklane.

Eg er svært takknemleg for å høyre til miljøet ved sjukepleiarutdanninga i Førde ved Høgskulen på Vestlandet – de har heia meg fram! Eg vil takke Anny Aasprang for tilrettelegging av arbeidsplanen min no i innspurten. Spesielt vil eg takke stipendiatane på Tefre for støtte, latter og gode samtaler: Irene, Olivia, Pål, Runar, Toril, Hege og Bente. Eg kjem til å sakne fellesskapet vi har hatt. Takk til Marit Solheim, som har heia meg fram, og til Gro Hovland og Anne Grethe Halding for gode samtaler, hjelp og støtte. Eg vil også takke Ann Lisbeth Lesto for utforming av plakat og folder.

Eg vil takke foreldra mine for at de har prøvd å lære meg å sjå ting frå fleire sider, og å sjå det beste i andre. Eg vil også takke søsken og svigerfamilie for at de har vore tolmogige, spesielt dei siste månadene. Eg er takksam for alle mine vennskap, de veit sjølv kven de er. Den

største takken går til min kjære mann, Willem. Denne avhandlinga har også du teke del i. Tolmodig har du støtta meg og gjort meir enn din del i heimen. Du er unik. Takk også til våre fire flotte gutar. På kvar dykkar måte har de støtta meg: Magnus, som spør korleis det går, Herman, som får meg til å le, Jonas, som ber meg om å vere til stades her og no, og Ludvig med gode spørsmål. Dei gode klemmane dykkar er gull verd.

## Samandrag

Temaet for avhandlinga er innlegging i psykisk helsevern. Nokre av dei som har ei psykisk lidning, treng av og til ei innlegging i psykisk helsevern. Føremålet med denne studien var å sjå nærmare på kva ei innlegging er. Kva er det som er til hjelp, og kva er det som er til hinder for betring hos pasientar ved døgnpostar? Dette prøvde vi å finne svar på ved å gjere djupneintervju med pasientar som var innlagde på DPS (distriktpsikiatriske senter). Intervjua handla om korleis pasientar opplevde kvardagen på ei avdeling.

Avhandlinga er eit samarbeidsprosjekt mellom forskarar og menneske som har eigenerfaring med psykiske lidingar. Menneske med eigenerfaring har vore med som medforskarar for å bestemme kva vi skulle forske på. Dei har i tillegg vore med på å utforme studien samt på å analysere og formidle funn.

Rekrutteringa skjedde i samarbeid med tre ulike DPS. 14 personar sa ja til å delta i studien. Vi gjennomførte to intervju med alle deltakarane: første intervju medan pasienten var innlagd ved ein døgnpost, og andre intervju om lag tre månader etter at pasienten var utskriven.

Funna er presenterte i tre artiklar. Den første artikkelen presenterer funn frå intervjua vi gjorde medan deltakarane var innlagde på sengepost. Den andre artikkelen presenterer funn frå intervju både under innlegging og etter tre månader. Den tredje artikkelen presenterer funn frå intervjua vi gjorde etter utskrivinga.

Hovudfunna er at ved ei innlegging i psykisk helsevern treng ein å bli sett som eit heilt menneske. Ei innlegging er trygg, men på same tid forbunden med ulike kjensler av skam. For fleire bar kvardagen heime preg av at dei var einsame, og nokre hadde vanskar med å skape meiningsfulle kvardagar utanfor institusjonen. Avhandlinga bidreg med kunnskap om korleis innlegging i psykisk helsevern kan erfarast.

## Summary

This thesis explores inpatient treatment within mental health care. Some people, suffering from a mental health problem, may occasionally need an admission. This thesis' objective is to take a closer look at what mental health hospitalization is. What helps and supports, and what hinders, recovery for people who are admitted? We carried out in-depth interviews with patients admitted to DPS (district psychiatric centers) to develop knowledge about how they experienced the inpatient treatment.

The project and this thesis represents a collaborative approach to mental health research. It comprises contributions from persons with personal experiences with mental illness and contributions from researchers. People with first person experiences have had a central role in deciding the focus of the study, have been involved in data analysis and dissemination of results.

Recruitment to the project was carried out at three different DPS-departments. 14 people agreed to participate in the study. We conducted two interviews with each participant: the first when the patient was hospitalized, and the second three months after the patients had been discharged.

Results from the project are disseminated through three scientific articles and this thesis. The first article presents findings from the interviews completed when the participants were in inpatient care. The second article presents findings from the full body of interviews. The third article disseminates findings resulting from analyses of the interviews conducted after discharge.

Results show that when receiving inpatient treatment in a psychiatric institution, it is crucial for the patients to be recognized as whole person. Hospitalization is an ambivalent experience: it provides safety for the patients, and it spurs feelings of shame. Several participants were troubled by loneliness, and some found it difficult to create meaning in their lives outside of the institution. The thesis contributes knowledge about- and descriptions of experiences of inpatient treatment in psychiatric institutions, which may inform professional understandings and discussions about how best to organize care and treatment.



## Publikasjonsliste

Eldal, K., Natvik, E., Veseth, M., Davidson, L., Skjølberg, Å., Gytri, D., & Moltu, C. (2019). Being recognised as a whole person: A qualitative study of inpatient experience in mental health. *Issues in Mental Health Nursing*, 1-9. doi:10.1080/01612840.2018.1524532

Eldal, K., Veseth, M., Natvik, E., Davidson, L., Skjølberg, Å., Gytri, D., & Moltu, C. (2019). Contradictory experiences of safety and shame in inpatient mental health practice – a qualitative study. *Scandinavian Journal of Caring Sciences*. DOI:10.1111/scs.12674

Eldal, K., Natvik, E., Veseth, M., Davidson, L., & Moltu, C. (2019). From the (dis)comfort of one's own home: patients' experiences of hospitalization after discharge. Accepted: In *Journal of Psychosocial Rehabilitation and Mental Health*

Løyve til å gjengi artiklane er innhenta frå utgivarane: Taylor and Francis group, John Wiley & Sons Limited og Springer Link.

## Presentasjon av viktige personar og omgrep i avhandlinga

I dette prosjektet er det mange som har vore involverte og hatt ulike roller. Her er ei oversikt over rollene til deltakarane i prosjektet.

**Brukarar:** I denne avhandlinga er brukarar menneske som er eller har vore pasientar i psykisk helsevern. Dette ordet er mykje nytta i litteraturen.

**Menneske med eigenerfaring med å vere innlagde:** Dette er brukarar som har sagt seg villige til å bidra i prosjektet som medforskarar. Dei har eigenerfaring ved at dei ein eller fleire gonger har vore innlagde ved ein DPS-sengepost.

**Medforskarkoordinator (MFK):** Åse Skjøberg har vore tilsett som medforskarkoordinator i 20 % stilling gjennom heile prosjektet. Stillinga var eit samarbeidsprosjekt mellom Helse Førde (10 %) og Høgskulen på Vestlandet (10 %). Medforskarkoordinatoren si rolle var å vere eit bindeledd mellom medforskarar, forskarar og prosjektleiar. Åse var i tillegg eit aktivt medlem i gruppa.

### **Medforskarar i gruppa:**

*Medforskarar med eigenerfaring (MFE).* Desse sa seg villige til å vere med i prosjektet fordi dei har brukarerfaring: Dorte Gytri, Camilla Lykke Torp, Oda Brendehaug, Solfrid Lillebø og Åse Skjøberg.

*Medforskarar med forskarerfaring (MFF).* Tre erfarne forskarar, alle med bakgrunn frå kvalitativ forskning. To hadde erfaring med brukarinvolvering i forskning, og to var i tillegg psykologar: Christian Moltu, Marius Veseth og helseforskar Eli Natvik.

Alle i gruppa blir rekna som medforskarar, men når eg nyttar ordet medforskar i avhandlinga, meiner eg i hovudsak medforskarar med eigenerfaring.

**Ekstern mentor:** Larry Davidson.

**Deltakarar:** Dei som vi gjorde intervju med.

## Innhald

1. Introduksjon .....	10
1.1 Overordna presentasjon av prosjektet .....	10
1.2 Hovudbidraget til avhandlinga .....	10
1.3 Måla med avhandlinga .....	11
1.3.1 Problemstilling.....	11
1.3.2 Forskingsspørsmål .....	11
1.4 Struktura på avhandlinga .....	11
2 Bakgrunn.....	13
2.1 Den norske konteksten.....	14
2.1.1 Distriktpsikiatrisk senter (DPS).....	15
2.1.2 Miljøterapi.....	16
2.2 Brukarmedverknad.....	18
2.1.2.Studiar om brukarmedverknad .....	20
2.3 Brukarmedverknad i forskning .....	23
2.4 Recovery .....	26
2.4.1. Sentrale aspekt ved recovery .....	27
2.4.2 Recovery i Noreg .....	28
2.4.3 Utfordringar ved recovery som omgrep og praksis.....	29
3 Metode .....	32
3.1 Design .....	32
3.2 Etablering av og struktur på gruppa.....	33
3.3 Utval og rekruttering .....	36
3.4 Intervju .....	37
3.5 Analyse .....	43
3.6 Etikk .....	47
3.7 Refleksivitet – personleg – i relasjon og i samarbeid .....	49
3.7.1 Om mi eiga rolle .....	49
3.7.2 Om medforskarane si rolle .....	50
3.7.3. Om likeverd og makt .....	51
4 Presentasjon av artiklane .....	54
4.1 Artikkel 1.....	54
4.2 Artikkel 2.....	55
4.3 Artikkel 3.....	56
5 Diskusjon .....	57
5.1 Kva inneber det å bli sett som eit heilt menneske? .....	58

5.2 Miljøet på ei avdeling .....	61
5.3 Motsetningsfylte forventingar .....	63
5.4 Kva prosessar på sengepost kan hindre betring?.....	65
5.4.1 Manglande medverknad .....	65
5.4.2 Skam .....	69
5.5 Betring – ein sosial prosess?.....	72
5.6 Utskriven, kva no? .....	74
5.7 Implikasjonar for praksis .....	76
5.8 Styrkar og svakheiter ved studien .....	77
6 Implikasjonar for forskning.....	80
7 Litteraturliste.....	82

Artikkel        I-III

Vedlegg        I - VII

# 1. Introduksjon

## 1.1 Overordna presentasjon av prosjektet

Dette er presentasjonen av eit medforskarprosjekt – eit samarbeidsprosjekt mellom brukarar av psykisk helsevern, erfarne forskarar og ein ph.d.-student. Saman har vi undersøkt korleis det er å vere innlagd som pasient i psykisk helsevern. I dette prosjektet har brukarar vore med som medforskarar heilt frå starten. Medforskarane i denne studien er menneske som har eigenerfaring med innlegging i psykisk helsevern. Vi etablerte ei gruppe med medlemmer som har ulik erfaring, det vil seie mellom anna brukarerfaring, erfaring med å arbeide innan psykisk helsevern og forskarerfaring. I løpet av fire år har denne gruppa på ti medlemmer møtst til to-dagars samlingar fire gonger i året. Vi har utvikla eit prosjekt som er tufta på samarbeid og refleksivitet, og som er inspirert av ein hermeneutisk-fenomenologisk tradisjon. Saman har vi diskutert og utvikla prosjektet, bestemt metode og forskings spørsmål, utvikla intervjuguide, gjennomført intervju og samarbeidd om analyse samt om formidling av metode og funn. Dette prosjektet gir ny kunnskap på fleire område: 1) kunnskap om korleis det er å vere pasient i psykisk helsevern, 2) kunnskap om korleis ein kan involvere brukarar i forskning innanfor psykisk helsevern.

## 1.2 Hovudbidraget til avhandlinga

Vi ville utforske korleis menneske som er frivillig innlagde i psykisk helsevern, erfarer det å vere innlagd. I gruppediskusjonar kom det tidleg fram gjennom erfaringa til medlemmene i gruppa at sjølv innlegginga var viktig å studere. Sjølv om MFE-ane hadde erfaring med å vere innlagde, hadde dei mange spørsmål om kva som eigentleg førte til betring, og kva rolle ei innlegging hadde i ein slik betringsprosess. I tillegg syner både forskning, nyheiter og innlegg i media at vi treng meir kunnskap om korleis det er å vere innlagd på sengepost i psykisk helsevern, for å gi dei som treng slike innleggingar, eit betre tilbod enn det dei får i dag.

Vi ville undersøke korleis deltakarane i studien opplevde det å vere innlagd som pasient i psykisk helsevern. Vidare ville vi utforske kva av det som skjer på ein sengepost, som kan bidra til eller hemme betringsprosessar. Vi gjorde djupneintervju med 14 menneske medan dei var innlagde. 11 av desse stilte opp til nytt intervju tre månader etter utskrivning.

Brukarar og forskarar har saman reflektert over dei ulike fenomena som dukka opp i intervju med deltakarane. Gjennom gruppediskusjonar har vi utvikla nye perspektiv. Erfaringa til deltakarane i intervju blei analyserte av meg med hjelp frå gruppa. Vi hadde ulike forforståingar: 1) Medforskarane sine forforståingar var knytte til eiga erfaring med å vere innlagd som pasient i psykisk helsevern. 2) Forskarane sine forforståingar var knytte til deira bakgrunn frå både forskning og klinisk arbeid i helsevesenet. 3) Alle deltakarane i gruppa er først og fremst menneske, som hadde med seg individuelle forforståingar ut over pasient- eller fagerfaring. For meg som forskar var ein vesentleg del av analysemøta å vareta og legge til rette for gode refleksjonsprosessar i møtet med dynamikken i gruppa og dei ulike forforståingane. Målet var framvekst av ny kunnskap som kunne skape grobottn for betre tenester. Denne avhandlinga, som inkluderer tre vitenskaplege engelskspråklege artiklar som analyserer og presenterer pasienterfaringar med å vere frivillig innlagd, er resultatet av forskingsprosessen.

### 1.3 Måla med avhandlinga

Avhandlinga har fleire mål. Det første målet var å gjennomføre eit solid medforskningsprosjekt i psykisk helsevern. Hovudmålet med dette forskingsprosjektet var å skape kunnskap om innleggingar si rolle i betringssprosessar. Studien har særleg fokus på å bidra med kunnskap som kan auke kvaliteten på miljøterapi samt auke god brukarmedverknad.

#### 1.3.1 Problemstilling

Korleis erfarer menneske med psykiske lidningar ei innlegging i psykisk helsevern?

#### 1.3.2 Forskingsspørsmål

Korleis erfarer pasientar det å vere innlagd på sengepost?

Kva erfarer pasientar at fremmar og hemmar betring når dei er innlagde på sengepost?

Korleis erfarer pasientar innlegginga når dei ser tilbake på ho etter tre månader?

### 1.4 Struktura på avhandlinga

I kapittel 2 presenterer eg aktuelt teorigrunnlag og omgrep som har synt seg spesielt viktige i arbeidet med dette prosjektet. I kapittel 3 blir metoden presentert. I kapittel 4 gir eg

ei samanfating av dei tre artiklane. Diskusjon, styrkar og svakheiter ved studien samt implikasjonar for praksis kjem i kapittel 5. Det siste kapittelet i avhandlinga handlar om implikasjonar for forskning.

## 2 Bakgrunn

Psykisk helse kan skildrast som ei oppleving av å ha det bra, at ein har moglegheit til å meistre vanlege belastningar, finne glede i arbeid og aktivitet samt delta og bidra i samfunnet. Verdas helseorganisasjon (WHO) har denne definisjonen på psykisk helse:

Mental health is defined as a state of well-being in which every individual realizes his or her own potential, can cope with the normal stresses of life, can work productively and fruitfully, and is able to make a contribution to her or his community (WHO, 2014).

Det er vanskeleg å definere klart kva psykisk lidning er, og korleis det skil seg frå eller liknar på fysisk sjukdom. Ei av årsakene til dette er at kropp og sjel heng saman og utgjør «det heile mennesket» (Snoek & Engedal, 2017). Psykiske lidningar kan opplevast ulikt, som vonde og øydeleggande symptom eller som ei livsform som er identitetsskapande og ein måte å meistre ting på. Å lide psykisk / psykisk smerte kan skildrast som kjensler som høyrer livet til, eller som ulike kategoriar som lidning, syndrom eller sjukdommar (Skårderud, Haugsgjerd, Stänicke, & Maizels, 2018). Mellom ein og fire og ein av seks vil få ei eller fleire psykiske lidningar på eit eller anna tidspunkt i livet (OECD/EU, 2018). Nokre av lidingane kan førebyggast, og alle kan bli møtte og behandla (WHO, 2001).

Årsakene til psykiske lidningar ser ut til å vere samansette, og det er ulike forklaringsteoriar om kva som er årsaka/årsakene til psykiske lidningar. Vi har *medisinske forklaringsmodellar*, som blant anna ser på genetik, nevrofysiologi, skade og nevropsykologi. Vi har *psykologiske teoriar*, som til dømes bygger på tilknytningsteori og sosial læringsteori. Vidare har vi *sosialpsykologiske teoriar*, som er opptekne av forholdet mellom individ og sosiale omgivnader, og som blant anna ser på samhandling i sosiale miljø som årsak. *I sosiokulturelle teoriar* ser ein på korleis sosiale strukturar eller system forklarar åtferd, og på korleis individ og familiar reagerer på sosial påverknad frå kultur og sosiale institusjonar (Snoek & Engedal, 2017).



## 2.1 Den norske konteksten

Psykiske lidningar og rusbrukslidningar er dei viktigaste årsakene til ikkje-dødeleg helsetap i Noreg, og dei fleste som får psykiske lidningar, er i yrkesaktiv og reproduktiv alder (Institute for Health Metric and Evaluation, 2017). Vidare har om lag ein tredjedel av dei som får uførepensjon, ei psykisk lidning. I 2015 hadde 35 prosent av alle som fekk uførepensjon, ein diagnose knytt til psykisk lidning, og talet på uføre med psykiske lidningar ser ut til å vere stigande (NAV, 2017). Det å ha psykiske lidningar aukar risikoen for somatiske/fysiske lidningar og tidleg død (Folkehelseinstituttet, 2018).

Ifølge Statistisk sentralbyrå (SSB, 2018) er psykisk sjukdom eller lidning også den viktigaste årsaka til at folk oppsøker fastlege eller legevakt, og talet er aukande. I 2017 var det 253 opphaldsdøgn for kvart 1000. menneske i psykisk helsevern for vaksne (SSB, 2019). I SINTEF sin rapport frå 2012 om døgnpasientar i psykisk helsevern for vaksne ser vi at 52 prosent av dei innlagde er kvinner (Ose & Pettersen, 2014). Vidare syner tala at det er fleire med låg utdanning enn med høgare utdanning som blir innlagde, og om lag to av tre pasientar er ugifte/einslege eller skilte/separerte. Meir enn kvar tredje pasient er mottakar av uførepensjon, og menn får oftare uførepensjon enn kvinner. Rapporten viser også at over halvparten av dei utskrivne pasientane ville hatt behov for eit poliklinisk tilbod då dei blei utskrivne, og at om lag 40 prosent av pasientane hadde behov for eit kommunalt tilbod etter utskrivning. Av dei som hadde behov for kommunal bustad, var det 40 prosent som ikkje fekk det. Ein stor del av pasientane ønskte ikkje hjelp, og denne rapporten peikar spesielt på at ein bør tilpasse tilboda betre, slik at dei er i samsvar med pasientane sine behov (Ose & Pettersen, 2014). Ein rapport frå OECD (2013) peikar på at det i Noreg har vore dårleg samhandling mellom sjukehus og kommunehelsetenesta. Tidlegare har pasientar i psykisk helsevern i Noreg hatt fleire liggedøgn enn i andre OECD-land, men dette talet er no på retur. I 2002 var ein pasient i Noreg i gjennomsnitt innlagd i 48 dagar, og i 2011 hadde talet på liggedøgn blitt redusert til 24 dagar. I same tidsrom har også talet på re-innleggingar auka, og tal viser at etter 30 dagar er 20 prosent av dei utskrivne pasientane innlagde på nytt på same sjukehus (OECD, 2013).

Behandling av psykisk lidning skjer i spesialisthelsetenesta ved psykiatriske sjukehus, ved distriktpsikiatriske senter (DPS), i kommunehelsetenesta eller privat (Karlsson & Borg, 2013). Dei siste åra har det gått mot ei deinstitusjonalisering der målet er å unngå innlegging

i størst mogleg grad. Føremålet er at brukarane skal få tidleg og god hjelp der dei bur (Regjeringa, 2009b)

#### 2.1.1 Distriktpsikiatrisk senter (DPS)

DPS blir definert som ei fagleg sjølvstendig eining med ansvar for det allmenne psykiske helsevern. DPS har ulike tilbod og tenester, som dagtilbod, døgnstilbod, polikliniske tenester og ambulante tenester. Alle norske innbyggjarar høyrer til under eit DPS. Nokre stader er DPS i same lokale som sentraliserte sjukehusavdelingar. DPS skal fungere som eit slags bindeledd som skal gi pasientane samanhengande tenester og god pasientflyt. DPS bør vere vegen inn og ut av spesialisthelsetenesta, og tenestene skal ha fokus på samhandling. Eit mål er gjensidig informasjons- og kompetanseutveksling, slik at alle instansar til ei kvar tid veit kva som er deira oppgåve og ansvar (Sosial- og helsedirektoratet, 2006a). På DPS arbeider det fleire ulike profesjonar. Sjukepleiarar utgjer den største gruppa, etterfølgd av personar med treårig høgskuleutdanning, til dømes sosionomar. Hjelpepleiarar, legar og psykologar er andre sentrale faggrupper.

Ein rapport som har målt pasienterfaringar med døgnopphald (Kjøllesdal, Iversen, Danielsen, Haugum, & Holmboe, 2017), viser at pasientane i stor grad eller svært stor grad var fornøgde med måten dei blei tekne imot på avdelingane på. 74 prosent av pasientane sa at dei i stor grad eller svært stor grad hadde følt seg trygge. Men når det gjaldt aktivitetstilbod, svarte 52 prosent at dei ikkje var fornøgde med aktivitetstilbodet ved avdelinga, og 41 prosent sa at det ikkje var tid nok til samtaler og kontakt med behandlar/personalet. Vidare sa 61 prosent at dei hadde fortalt behandlar/personalet det som var viktig om tilstanden sin. Så mykje som 71 prosent sa at institusjonen ikkje hadde gitt god nok informasjon om behandlingsmoglegheiter, og 65 prosent hadde fått for lite informasjon om sine eigne psykiske plager eller sin eigen diagnose. Likevel rapporterte 58 prosent at dei hadde hatt utbytte av behandlinga. Det kan verke som eit paradoks at 60 prosent sa at hjelpa dei fekk ved institusjonen, ikkje i det heile teke eller i liten grad gjorde dei betre i stand til å meistre sine psykiske plager. På spørsmål om hjelpa ved institusjonen gav dei tru på at dei kunne leve eit betre liv etter utskriving, svarte 59 prosent: ikkje i det heile teke, i liten grad eller i nokon grad (Kjøllesdal et al., 2017). Tal viser at det tilsynelatande er behov for mykje kunnskap om korleis pasientar opplever innleggingar, og korleis innleggingar kan bidra til betringssprossar på ein god måte.

### 2.1.2 Miljøterapi

I Noreg har miljøterapi sidan 1950-talet vore ei av dei gjeldande behandlingsformene innanfor det psyko-terapeutiske praksisfeltet (Skårderud & Sommerfeldt, 2013). Likevel er dette ein underkommunisert tradisjon. Til og med dei som har jobba lenge innan feltet, har problem med å definere kva det er (Olkowska & Landmark, 2016; Skårderud & Sommerfeldt, 2013). Miljøterapi er definert som planlagde aktivitetar i dagleglivet i ei dageining eller på ein sengepost. Miljøterapi inkluderer det psykososiale miljøet, det fysiske miljøet og det terapeutiske miljøet (Helsedirektoratet, 2013). Miljøterapi er sett saman av orda miljø og terapi. Miljødelen handlar om å organisere kvardagen for dei som bur der: tak over hovudet, mat og organisering av læring av fag og praktiske ferdigheiter. Terapidelen handlar om å utvikle og forandre (Skårderud & Sommerfeldt, 2013).

Målet med miljøterapi var at pasientane skulle bli i stand til å få kontrollen over sitt eige liv. Dette skulle ein oppnå ved å behandle pasientane med respekt og verdigheit. Trua på det gode i mennesket kombinert med behandling i form av oppdraging etter moralske normer skulle gi pasientane meir kontroll over eige liv (Vatne & Holmes, 2006). Gunderson (1978) skildrar fem basisdimensjonar som vanlegvis eksisterer i eit miljø. Desse fem dimensjonane er definerte som beskyttelse, støtte, struktur, engasjement og gyldiggjering. Olkowska og Landmark (2016) seier at miljøterapi er ein fagideologisk tenkemåte, meir enn ein konkret metode, og at det spesifikke ved val av metodar er at valet er knytt til institusjonens oppgåve og dei miljøfaktorane ein har til rådighet. For at miljøterapi skal vere terapeutisk, må vala vere gjennomtenkte, og den fagideologiske tenkinga må vere forankra i institusjonen si tenking. Eit anna viktig prinsipp er at prosessane skal vere heilskaplege. Nærleik til miljøterapeuten kan i seg sjølv vere ein terapeutisk faktor, og han eller ho kan sette i verk miljøterapeutiske tiltak med betydning for utviklingsprosessen før, under og etter ein situasjon.

Miljøterapi kan også forståast som relasjonsbehandling (Skårderud & Sommerfeldt, 2013). Relasjonsbehandling betyr her at det blir skapt sensitive rom som gir høve til å dele kjenslemessige ting. Kjernen er å utvikle eit forhold som skaper affektiv gjenklang, og som vi kan reflektere over. Ifølge Skårderud og Sommerfeldt (2013) inneber miljøterapi å reflektere over seg sjølv, relasjonar, strukturelle rammer og reglar, teoriar, verdiar samt planlagde og ikkje-planlagde aktivitetar. Vidare seier dei at ved å møtast gjennom åtferd og reflektere

over åtfærd ønsker ein å stimulere dei innlagde til å reflektere over seg sjølv. Ein ønsker med andre ord å utvikle ein reflekterande kultur som smittar over på heile organisasjonen.

Det er relativt få nyare norske studiar som har sett på kva miljøterapi har å seie for betring for dei som er innlagde i psykisk helsevern. Under presenterer eg nokre av dei studiane som har sett spesielt på dette med miljøterapi i ein norsk kontekst.

Borge og Fagermoen (2008) djupneintervjua 15 pasientar for å studere pasienterfaringar med å vere innlagd i psykisk helsevern. Dei fann at inneliggande behandling gir pasientane noko dei ikkje får ved poliklinisk behandling. Ein kombinasjon av profesjonalitet og møte med varme menneske var med på å gi pasientane ei kjensle av sjølvrespekt og likeverd. Pasientane trekte fram at det å vere vekke frå heimen og omgåast andre var viktig. Det å ha aktivitets- og behandlingstilbod på dagtid førte til at pasientane følte seg likeverdige med personalet. I denne studien fann dei at fritid for dei fleste fremma kjensla av å vere normal, men for nokre kunne det å ha fritid/eigentid forsterke kjensla av å vere pasient ved at dei blei pasifiserte. I ein etnografisk studie innanfor psykisk helsevern nytta forskarane observasjon og intervju som metode og hadde som mål å sjå på korleis miljøterapi blei utført på ei lukka avdeling i psykisk helsevern i Noreg (Oeye, Bjelland, Skorpen, & Anderssen, 2009a). I denne studien fann dei at personalet tok foreldrerolla og tilbydde ei omsorgsfull atmosfære, medan pasientane såg ut til å svare med å oppføre seg på ein barnslig måte. I ein tradisjonell hierarkisk medisinsk sjukehusstruktur blei dei fleste pasientane fråtekne formell autoritet og autonomi. I staden for å ansvarleggjere pasientane, slik at dei blei førebudde på å leve eit uavhengig liv utanfor sjukehuset, gjorde dei barn ut av vaksne, noko som gjorde det vanskelegare å leve eit normalt liv på utsida. Funna i desse to studiane er sprikande, noko som talar for å studere dette nærmare.

Om vi ser på internasjonale studiar som har undersøkt inneliggande behandling, finn vi at relasjonen mellom helsepersonell og pasient betyr mykje for pasientane si oppleving av det å vere innlagd. Thomas, Shattell og Martin (2002) hadde som mål å utforske pasienterfaringar med miljøet ved inneliggande behandling i psykisk helsevern. Dei intervjua åtte pasientar om deira erfaringar med miljøet ved avdelinga. Hovudfunnet deira var at pasientane lengta etter ei djupare tilknytning til personalet. Pasientane opplevde å bli møtte på behov som tryggleik, struktur og medisinerer. Likevel hjelpte ikkje ei innlegging pasientane med å lære korleis dei skulle leve. Pasientane blei betre, men dei lærte ikkje kva

som hjalp dei, og korleis. Studien viste også at innleggingane var av kort varigheit, med tidleg utskriving. Ein litteraturgjennomgang av kvalitative studiar som har sett på pasienterfaringar med å vere innlagd i psykisk helsevern, fann tre område som var spesielt viktige for pasientane (Wood & Alsawy, 2016). Desse områda var samarbeid og inkluderande omsorg, positive forhold mellom pasient og helsepersonell samt eit trygt og terapeutisk miljø. Ein ny litteraturgjennomgang som har sett på publisert litteratur, hadde som mål å identifisere sentrale forbettringsområde innanfor psykisk helsevern (Staniszewska et al., 2019). Studien avdekte fire avgjerande forbettringsområde som var direkte knytte til pasientars erfaring med krise og recovery-orientert behandling. Å ha relasjonar av høg kvalitet var sentralt. For det andre var det viktig at dei tilsette jobba mot å avverje negative opplevingar med tvang. Dessutan var det viktig at det fysiske og sosiale miljøet var sunt og trygt. Til sist var pasientsentrert omsorg sentralt. Kritiske moment var tillit, respekt, trygge avdelingar, informasjon og forklaring kring kliniske avgjersler, terapeutiske aktivitetar og inkludering av familien i behandlinga. Desse studiane viser at innlegging i psykisk helsevern inneber utfordringar og motsetningar. Spesielt når det gjeld å involvere brukarane i eige behandlingstilbod, kjem det fram at pasientar ønsker og treng gode og terapeutiske mellommenneskelege møte for å bli betre.

## 2.2 Brukarmedverknad

Brukarmedverknad har dei siste åra vore eit satsingsområde i norske helsetenester (Helse - og omsorgsdepartementet, 2014; Regjeringa, 2009a). Brukarmedverknad betyr at brukarane er deltakande i å utvikle sine egne tenester (Sverdrup, 2007). Tenestebrukarar skal ha ei aktiv rolle overfor tenesteleverandørar (Humerfelt, 2005). Wallcraft og Nettle (2009) seier at brukarinvolvering må innehalde ei moglegheit for at involveringa vil føre til reell endring. Brukarmedverknad er ein lovfesta rett og noko det offentlege pliktar å jobbe aktivt med (Helsedirektoratet, 2014).

Brukarmedverknad tek utgangspunkt i respekt for det enkelte mennesket og er rekna som eit gode i samfunnet. Brukarane har erfaringar med, kunnskap om og innsikt i korleis helsetilbodet fungerer. Denne kunnskapen kan vere viktig og nødvendig for å utvikle eit velfungerande psykisk helsevern og eit supplement for fagfolk, politikarar og administrasjon. Brukarar kan dermed bidra i planlegging, utforming og drift av eit betre helsetenestetilbod (Helse - og omsorgsdepartementet, 2014; Sosial- og helsedirektoratet, 2006b). På den måten

kan brukarerfaring nyansere eksisterande kunnskap om korleis praksis i psykisk helsevern kan og bør vere. I stortingsmelding 26 (2014–15)<sup>1</sup> står det: «Regjeringa vil skape pasientens helsetjeneste. Pasientens behov skal settes i sentrum for utvikling og endring av helse- og omsorgstjenesten. 'Ingen beslutningar om meg, tas utan meg'. For å oppnå dette krevs endringar.» (Helse- og omsorgsdepartementet, 2015, s. 9). Ifølgje Helsedirektoratet (2014) vil brukarinvolvering seie at ein ser på ein brukar som ein likeverdig partnar i diskusjonar og avgjersler som påverkar hans eller hennar behandling. Brukarinvolvering har også eigenverdi ved at ein person som søker hjelp, vil ha eit ønske om å ha kontroll over viktige delar av sitt eige liv, om å ta imot hjelp på eigne vilkår og om å bli sett og respektert i kraft av si grunnleggjande verdigheit. Dersom brukarane i større grad kan påverke miljøet gjennom eigne val og ressursar, kan det påverke sjølvbildet på ein positiv måte og dermed auke brukarane si evne og vilje til å delta sjølv. Dette kan verke positivt på brukarane sin betringsspross og har dermed også ein terapeutisk effekt. Men dersom brukarane ikkje får medverke, kan den hjelpeløysa mange opplever, bli forsterka. Andre farar er at brukarar opplever å få for mykje ansvar, og at fagmiljøa fråskriv seg ansvar, noko som heller ikkje hjelper brukarane.

Brukarmedverknad på individnivå betyr at den som nyttar seg av eit tenestetilbod, får medverke i tilbodet. At dei kan medverke i val, utforming og bruk av tilgjengeleg tilbod, kan innebere autonomi, myndigheit og kontroll over eige liv. Brukaren sin rett til å medverke og få informasjon er fastsett i kapittel 3 i pasient- og brukarrettslova (2001). For at denne retten til å medverke skal vere reell, er det avgjerande at brukaren får tilstrekkeleg og tilpassa informasjon, og på den måten får innsikt i eigen helsetilstand, innhaldet i helsehjelpa og rettar vedkommande har som pasient eller tenestemottakar. Tenesta må i kvart enkelt tilfelle vurdere kva som må leggjast til rette for at brukarane skal oppleve moglegheita for å medverke som reell. Dette er individuelt, og det som ein brukar opplever er god tilrettelegging for medverknad, treng ikkje vere det for ein annan brukar (Sosial- og helsedirektoratet, 2006b).

---

<sup>1</sup> I Meld. St. 26 (2014–2015) *Fremtidens primærhelsetjeneste. Nærhet og helhet*.

### 2.1.2. Studiar om brukarmedverknad

Bee, Brooks, Fraser og Lovell (2015) har studert involvering av brukarar ved å gjere kvalitative intervju. Deltakarane var helsearbeidarar med erfaring frå psykisk helsevern. Dei var anten med i eit fokusgruppeintervju eller i eit individuelt intervju. Målet med studien var å utforske deltakarane sine oppfatningar og erfaringar med å yte pleie og omsorg samt involvere pasientane i avgjersler om pleia. Bee et al. (2015) fann at det er spenningar mellom brukarinvolvering og fagleg ansvar. Deltakarane understreka at deira individuelle mellommenneskelege ferdigheiter var sentrale for å involvere seg, og ønskte rettleiing for å få dette til. Vidare konkluderer studien med at det manglar gode definisjonar og støtte for korleis ein kan implementere brukarinvolvering i praksis. Beyene, Severinsson, Hansen og Rørtveit (2018) har gjort kvalitative intervju med 16 pasientar for å utforske deira erfaring med brukarmedverknad medan dei var innlagde i psykisk helsevern. Dei fann at pasientar kan medverke aktivt når pasient og helsepersonell bruker sin kompetanse for å utfylle kvarandre. Korleis pasientane deltek, og kor mykje støtte dei ønsker, varierer etter symptoma på psykisk lidning og bør vurderast fortløpande. Pasientane erfarte det som positivt å komme i posisjon til å uttrykke eigne behov og få støtte til å finne sin veg til betring gjennom å bli involvert. Såleis er brukarmedverknad ein vanskeleg prosess som krev eigna tiltak.

Waldemar, Arnfred, Petersen og Korsbek (2016) har gjort ein litteraturgjennomgang på recovery-orienterte praksisar og funne at praksis var prega av dårleg kommunikasjon samt mangel på samarbeid og pasientinvolvering. Ei av årsakene til at sjukepleiarane ikkje involverte pasientane, var at dei ikkje ville overvelde pasientane med for mykje snakk om planar for framtida (behandlingsplanar). Helsepersonellet valde å involvere pasientane meir stegvis, litt om gongen. Ein kvalitativ metasyntese som har sett på medverknad i psykisk helsevern, fann at det var seks nøkkelområde som påverka brukarmedverknad, og desse var: det å få innflytelse, tokenisme<sup>2</sup>, kunnskapsdeling, manglande kapasitet, respekt og empati. Denne oversikta konkluderer med at brukarmedverknad er politisk styrt, og at brukarmedverknad stort sett ikkje er innarbeidd i praksis (Stomski & Morrison, 2017).

---

<sup>2</sup> Kjem av ordet «token» og betyr symbolsk – det vil seie symbolsk framfor ekte medverknad.

Det å få til reell brukarmedverknad har synt seg å vere utfordrande også i Noreg. Storm og Edwards (2013) har sett på ulike omsorgsmodellar ved pasientsentrert omsorg, brukarinvolvering, pasientmedverknad og recovery. Dette har dei gjort ved å undersøke helsepolitiske dokument, publisert litteratur og forskning om brukarinvolvering og recovery. Forfattarane fann at pasientane opplevde manglande kunnskap om brukarmedverknad hos dei tilsette. Det var utfordrande å få til individuell brukarmedverknad når det kom i konflikt med husreglar og strukturen på organisasjonen. Pleiar og pasient hadde ulike syn på kva god pleie var. Vidare såg pasientane på pleiarane som ekspertar og overlèt til dei å ta avgjersler, medan pleiarane såg på tilbaketrekking som eit teikn på at pasientane var umotiverte og uengasjerte. Sjukehusstrukturen i seg sjølv var utfordrande når det gjaldt å danne likeverdige relasjonar mellom pasient og pleiar. Dei tilsette hadde behov for opplæring og kompetanseutvikling for å skape og oppretthalde brukarmedverknad.

Oeye, Bjelland, Skorpen og Anderssen (2009b) har gjennomført ein etnografisk studie der dei både gjorde observasjonar på avdelinga og intervjuar tilsette og pasientar. Målet med studien var å utforske utfordringane med å innføre/integrere brukarmedverknad i miljøterapeutisk arbeid i psykisk helsevern i Noreg. Dei fann at det oppstod spenningar mellom politiske føringar, rammer og krav. Oppdraget frå myndigheitene er at ein skal sikre brukarane si deltaking både i dagleglivet, i individualkontakt og i individuelle kontraktar. Det var utfordrande å implementere individuell brukarmedverknad i miljøterapi når ein samtidig skulle ha felles hugsereglar og struktur. Dersom individuelle behov gjekk på tvers av fellesmiljøet, blei det vanskeleg å innfri desse behova. Det blei utfordrande å oppnå brukarmedverknad dersom pasientane og personalet ikkje hadde same syn på målet med behandlinga. Forfattarane peika på at eit medisinsk hierarkisk system vanskeleggjorde danninga av likeverdige relasjonar.

I ein kvalitativ norsk studie intervjuar forskarane både pasientar og helsearbeidarar for å samanlikne brukarars og tenesteytarars definisjonar av medverknad. Dei fann at for å medverke var respekt og dialog viktig for begge partar, men at brukarane var mest opptekne av respekt, medan tenesteytarane la mest vekt på dialog (Rise et al., 2013). I ein ikkje-randomisert kontrollert studie som inkluderte tre ulike sjukehus innanfor psykisk helsevern i Noreg, blei det gjennomført ein plan for å auke brukarmedverknaden ved eit av sjukehusa. Dette gjorde ein ved blant anna å gi meir informasjon, etablere ei pasientutdanning, legge



større vekt på erfaringskompetanse og involvere familie. Dei to andre sjukehusa var kontrollgrupper. Dei tilsette svarte på spørjeskjema etter 16 månader og på nytt etter fire år. Det viste seg at intervensjonsgruppa hadde meir kunnskap og positive haldingar til brukarmedverknad enn kontrollgruppa. Effekten var større etter fire år enn etter 16 månader, noko som tyder på at det tek lang tid før ein får full effekt av slike intervensjonar (Rise & Steinsbekk, 2016).

Klausen (2016) har gjort ei oppsummering av brukarmedverknad i psykisk helsevern i ein norsk kontekst. Oppsummeringa legg særleg vekt på helse- og omsorgstenestene i kommunen, men tek også for seg brukarmedverknad innanfor spesialisthelsetenesta. Denne oppsummeringa finn at brukarmedverknad er lite systematisert og lite innarbeidd. Frå å vere passive mottakarar blir pasientane aktive deltakarar, noko som krev ei endring i rollene til pasientar og fagpersonar. Ei slik endring inneber at brukarane nyttar sin erfaringskompetanse, og at dei tilsette legg til rette for at brukarane skal kunne utvikle og bruke sin eigen kompetanse. Å tilsette erfaringskonsulentar er eit tiltak for å få til ei slik endring. Denne kunnskapsoppsummeringa fann at det er usikkerheit knytt til dei formelle sidene ved slike tilsettingar. Vidare trekker oppsummeringa parallellar mellom brukarmedverknad og recovery-omgrepet, ved at mange som arbeider med brukarmedverknad, også arbeider innanfor ein recovery-tankegang. Forfattarane peika på at fagfeltet bar preg av rask diagnosesetting, standardisering av prosedyrar og eit evidensbasert syn som gjorde det vanskeleg å ha reell brukarmedverknad. Klausen (2016) hevdar at det er behov for å auke kompetansen hos både profesjonelle og brukarar for at dei skal kunne ta del i kunnskapsdebatten kring brukarmedverknad i psykisk helsearbeid.

Desse studiane syner at det er knytt ein del spenningar til brukarmedverknad i praksis. Spesielt ser det ut til at det er spenningar mellom politiske føringar og kva helsetenestene har av tid og ressursar. Brukarmedverknad er eit paradigmeskifte der fagfolk må redusere si makt for å få til involvering og samarbeid. Dei som bestemmer, har lengst utdanning, har mest handlingsrom, har mest makt og er øvst i hierarkiet. Er dei innstilte på ein flatare struktur med overføring av makt til brukarar og fagpersonar nær brukarane? I tillegg ser det ut til å vere utfordringar knytte til mellommenneskelege relasjonar mellom pasientar og helsearbeidarar. Brukarmedverknad er difor utgangspunktet for og det gjennomgåande temaet i denne studien.

### 2.3 Brukarmedverknad i forskning

Det har vore ein lang tradisjon for å forske *på* menneske med psykiske lidingar, og ikkje *med* dei (Davidson, Shaw, et al., 2010). Menneske som sjølv har erfart å ha psykiske lidingar, kan bidra med inngåande kjennskap til lidingane og deira variasjonar. Dei har også førstehandskjennskap til tenestene innanfor psykisk helse. Davidson, Shaw, et al. (2010) argumenterer for at om ein vil endre praksis, er forskning eit godt middel for å gjere dette. Ved å delta som brukar blir ein høyrtd, og dermed kan ein bidra til å påverke og legge grunnlaget for endringar. Ifølgje Borg og Kristiansen (2009a) er brukarmedverknad i forskning ei naturleg vidareføring av brukarmedverknad innan psykisk helse og rus.

Det å forske saman med brukarar har blitt gjort på ulike vis sidan 1930-talet (Borg & Kristiansen, 2009a), og internasjonalt er det etter kvart stor kompetanse på området (Abma et al., 2019; Davidson, Shaw, et al., 2010; Jennings, Slade, Bates, Munday, & Toney, 2018; Rose, 2018; Slade et al., 2010). Ei viktig grunnhaldning i denne forskinga er å forske *med* i staden for *på*, og at menneske med eigenerfaring kjenner «problema på kroppen» og difor kan stille betre og meir relevante spørsmål. Eigenerfaring blir såleis sett på som ein eigen kompetanse på lik linje med forskarkompetanse: Medan eigenerfaringskompetansen er erverva gjennom levd liv, er forskarkompetansen erverva gjennom utdanning. I vår studie ville vi utforske eit slikt samarbeid, og det er dermed viktig å lytte til kva menneske med eigenerfaring meiner er viktige forskingsområde.

Fleire av dei som har erfaring med samarbeidsbasert forskning, argumenterer for at ein slik måte å forske på gir andre svar enn meir tradisjonell forskning gjer. Telford og Faulkner (2009) framhevar verdien av samarbeidsbasert forskning og understrekar korleis nettopp denne forma kan utfordre kunnskapen. Det er ikkje berre spørsmåla som blir annleis i samarbeidsbasert forskning: Om brukarar er med på å analysere data, vil dei også kunne identifisere funn på andre måtar. Locock et al. (2019) involverte brukarar i analyse av kvalitative data, der forskarane analyserte for seg, og brukarane for seg. Då dei samanlikna, oppdaga dei at dei stort sett hadde funne dei same temaa, men at brukarane også identifiserte detaljar som forskarane hadde gått glipp av. Forskarane konkluderte med at å samarbeide på denne måten var meir kreativt, det var mindre prosessdrive, og det braut med vanlege normer innanfor forskning. Samarbeidsbasert forskning ser såleis ut til å ha eit potensial når det gjeld nyskaping og kreativitet. I ein artikkel av Staley og Barron (2019)

konkluderer dei med at forskarar heile tida lærer av personane dei samarbeider med, og at brukarinvolvering også er ei slik erfaring. Involvering bidrar til betre idear og hjelper forskarane med å gjere betre val og å løyse problem.

Medan det er krav om brukarinvolvering i forskning, ser vi i praksis at det kan vere utfordringar knytte til dette kravet. Forskarar erfarer at det er fleire utfordringar ved implementering av brukarinvolvering i forskning (Halding, Fossøy, Moltu, & Grov, 2016; Happell, Gordon, Bocking, Ellis, Roper, Liggins, Platania-Phung, et al., 2018; Staley, Sandvei, & Hørder, 2019). Ofte manglar eit klart mål, og forskinga blir sjeldan målt og evaluert. Strategiar støttar ofte ikkje det enkelte prosjektets forsøk på å involvere brukarar i arbeidet (Staley et al., 2019). Happell, Gordon, Bocking, Ellis, Roper, Liggins, Platania-Phung, et al. (2018) har gått gjennom den internasjonale litteraturen med mål om å undersøke andre forskarar sitt syn på brukarinvolvert forskning. Dei fleste studiane refererte til fordelar som større validitet av forskingsresultat, men antyda også at det var utfordringar i samarbeidet med brukarane. Dei fann litt større openheit for å ha brukarar med i starten av ein forskingsprosess enn i slutfasen. Vidare kom det fram at det var motvilje mot fullstendig samforskning med brukarar. Generelt var forskarane positive til involvering i forskning, men samtidig engasjererte dei brukane minimalt eller berre i periodar. Dette kan tyde på at denne måten å jobbe på framleis er i ein tidleg fase, og at ein ikkje heilt har funne ei form som fungerer.

Telford og Faulkner (2009) hevdar at nokre forskarar misforstår konseptet med samarbeidsbasert forskning ved at dei trur at det er involvering når dei har henta inn data frå brukarar (informantar). Vidare peikar dei på at det kan oppstå praktiske utfordringar i samarbeidsforskning. Det er også rapportert inn bekymring med tanke på kven den rette medforskarer er: Kva eigenskapar, danning og utdanning bør ein medforskar ha? På den andre sida gir medforskarar uttrykk for å trenge meir opplæring. Annan kritikk mot brukarinvolvering i forskning handlar om at brukarane som deltek i forskinga, er subjektive, at dei er overinvolverte, eller at dei ikkje er i stand til å ha tilstrekkeleg openheit overfor fenomena dei studerer (Rose, 2009). Andre sentrale utfordringar ved samarbeidsbasert forskning er rammevilkår som økonomi og tid ved at det kan koste meir og ta lenger tid. Andre har også gitt uttrykk for at forskinga ikkje blir objektiv nok (Telford & Faulkner, 2009).

Ulik maktbalanse er også blitt framheva som ei utfordring for samarbeidsbasert forskning (Moltu, Stefansen, Svisdahl, & Veseth, 2012; Rose, 2018; Wallcraft, Schrank, & Amering, 2009). Happell, Gordon, Bocking, Ellis, Roper, Liggins, Scholz, et al. (2018) har gjennomført ein kvalitativ studie der dei undersøkte korleis forskarar som samarbeidde med brukarar, såg på dette samarbeidet. Dei såg spesielt på maktforholdet mellom forskarar og brukarar ved å gjere semistrukturerte intervju med 11 forskarar. I denne studien fann dei at ein i samarbeidsforskning må ta ulik maktbalanse på alvor, blant anna ved å snakke om det. Uttrykk som «Vi er alle like» kan legge lokk på viktige diskusjonar, noko som kan føre til at medforskarane kjenner seg meir makteslause. Maktbalansen kan blant anna justerast ved å auke talet på brukarar i høve til forskarar. I ein nyleg utgitt litteraturgjennomgang konkluderte forfatarane med at ein i tillegg til å sjå på brukaranes bidrag, opplæring og læring også må ha fokus på den akademiske forskarens posisjon og bidrag i samarbeidsbasert forskning (Sangill, Buus, Hybholt, & Berring, 2019).

I Noreg har brukarinvolvering i forskning ei kortare historie, men dei siste åra har vi fått meir erfaring med denne måten å forske på. Fleire studiar er blitt gjennomførte og har rapportert om sine erfaringar (Biringer, Davidson, Sundfor, Ruud, & Borg, 2016; Borg & Kristiansen, 2009a; Halting et al., 2016; Mjosund et al., 2017; Moltu et al., 2012; Moltu, Stefansen, Svisdahl, & Veseth, 2013; Veseth, Binder, Borg, & Davidson, 2012b, 2017). Tangvald-Pedersen og Bongaardt (2017) har gjennomført ein studie der ein akademisk forskar og ein medforskar hadde same datamateriale som dei analyserte kvar for seg. Dei samla seg etterpå for å diskutere funna sine. Funna fekk på denne måten ulike stemmer og uttrykksmåtar, og presentasjonen av funna kunne dermed nå fram til fleire målgrupper. Veseth, Binder, Borg, et al. (2017) argumenterer for at det nære som brukarane tek med inn i forskinga, kan vere ein ressurs og styrke dersom ein er klar over andres og eigen posisjon. På denne måten kan refleksivitet og samarbeid vere nyttig ved at vi både kan kjenne att og bli overraska over ting i deltakarane sine skildringar. Dei som har vore med i slike forskingsprosjekt, seier gjennomgåande at det gjer forskinga betre, ved at ein får stilt andre typar og meir målretta spørsmål (Moltu et al., 2013). Vi ser også at sentrale område som kjem opp til diskusjon, spesielt innanfor forskning på psykiske lidingar, handlar om menneskesyn som krev at samfunnet må leggast til rette, og ikkje at den einskilde må endre seg eller endrast på (Borg & Kristiansen, 2009a). I ein norsk kvalitativ studie blei det gjort

fokusgruppeintervju med menneske som hadde vore med som medforskarar i eit forskingsprosjekt. Medforskarane blei spurde om korleis det var å vere medforskar i eit slikt prosjekt. I denne studien fann dei blant anna at utdanning av medforskarane var eit viktig tiltak for å styrke medforskarane. Det var vesentleg at ting var føreseielege, og økonomisk usikkerheit førte til usikkerheit hos medlemmene i gruppa. Det å vere medforskar var krevjande, men samtidig kunne det gi energi og betre sjølvtilitt (Moltu et al., 2012).

Studiar som peikar på både fordelar og utfordringar ved samarbeidsforskning, var relevante for meg å lese, lære av og gjere meg nytte av då eg skulle gå i gang med eige prosjekt. På same tid var det viktig å kunne utvikle vårt eige prosjekt utan å vere for bundne av det andre hadde gjort og erfart før oss.

## 2.4 Recovery

Recovery er eit kunnskaps- og forskingsområde som er tufta på verdiar som samarbeid, likeverd, anerkjening, fellesskap og sosial tilhøyrse. Vi kan såleis sjå på recovery meir som grunnlagstenking enn som ein teori. På norsk bruker ein ofte ordet *betring*, og ordet har blitt skildra på ulike måtar i ulike samanhengar. Det kan bety alt frå å bli frisk frå noko til å leve eit best mogleg liv med noko. I forskingslitteraturen blir recovery ofte omtalt som ein *personleg prosess*, ein *sosial prosess*, eit *resultat* og så *kalla for klinisk recovery* (Borg, Karlsson, & Stenhammer, 2013; Slade, Williams, Bird, Leamy, & Le Boutillier, 2012). Eg vil no utdjupe litt nærmare kva desse skildringane står for.

*Klinisk recovery*, har fire sentrale trekk:

1. Recovery er eit resultat, eller ein tilstand.
2. Recovery er noko ein kan observere.
3. Recovery er vurdert av ein fagperson.
4. Recovery er ein tilstand som ikkje varierer mellom individ. (Slade, 2009)

Ved klinisk recovery er ein symptomfri, medan ein ved personleg recovery framleis kan ha symptom eller plager. I sistnemnde tilfelle klarer ein å leve eit godt og verdig liv med symptoma (Veseth & Skjølberg, 2016). Det recovery-perspektivet som eg bruker i denne avhandlinga, tek utgangspunkt i denne forståinga. Sentralt står kunnskap om korleis det er å leve med lidinga, men også om korleis det er å kjenne seg stigmatisert, og korleis det kjennest å ikkje høyre til. Personlege historier om korleis det er å leve med psykiske lidingar,

har også gitt kunnskap om korleis problema verkar inn i den einskilde sin kvardag. Personleg recovery handlar dermed om subjektive erfaringar, unike konkrete opplevingar og levde liv (Karlsson & Borg, 2013). Denne kjende definisjonen frå (Anthony, 1993) skildrar recovery som ein personleg prosess:

A deeply personal, unique process of changing one's attitudes, values, feelings, goals, skills and/or roles. It is a way of living a satisfying, hopeful, and contributing life even with limitations caused by the illness. Recovery involves the development of new meaning and purpose in one's life as one grows beyond the catastrophic effects of mental illness. (Anthony, 1993, s. 17)

Dersom ein ser på recovery som ein *personleg prosess*, er det ikkje krav om at personen skal vere heilt fri frå symptom. Det handlar om å ta kontrollen tilbake, finne meining og leve det kvardagslivet den enkelte ønsker. Det handlar dessutan om å ha rett til å kunne ta eigne val og rett til å ha eit reelt samarbeid med fagpersonar (Davidson, 2003; Slade, 2009). Dei seinare åra har ein også fokusert meir på korleis betring ikkje berre er ein personleg prosess, men også djupast sett ein sosial prosess. Slik understrekar ein at omgivnadene har innverknad på menneske si betring (Tew et al., 2012; Topor, Borg, Di Girolamo, & Davidson, 2011a; Veseth, Binder, & Stige, 2017). Når vi snakkar om det sosiale, meiner vi her menneskelege relasjonelle omgivnader, materielle forhold og lokalmiljøet generelt. Det handlar om å høyre til i eit lokalmiljø og i arbeidslivet, og om å ha ein identitet utanom lidinga (Karlsson & Borg, 2013; Price-Robertson, Obradovic, & Morgan, 2017).

#### 2.4.1. Sentrale aspekt ved recovery

Det som er spesielt med recovery som omgrep og forskingsområde, er at kunnskapen er utvikla gjennom personars levde erfaringar med psykiske lidingar og betring (Slade et al., 2012), og at fokuset har vore på kva personane sjølv meiner skal til for å komme seg. Omgrepet recovery slik det er brukt her, kjem frå USA på 1970-talet, der dei var opptekne av innbyggjaranes rettar og plikter som samfunnsborgarar (Davidson, Rakfeldt, & Strauss, 2010). På same måte som andre grupper som tradisjonelt har stått i fare for å bli utstøytte og marginaliserte, har menneske med psykiske lidingar behov for å bli anerkjende som vanlege innbyggjarar. Dei er borgarar som har behov for å leve sjølvstendige, verdige og meningsfulle liv i sitt lokalmiljø (Davidson, Rakfeldt, et al., 2010).

Recovery er ulikt i innhald og forståing alt etter kven ein spør. Likevel finn vi nokre sentrale likskapar: Det er fokus på den det gjeld, og på håp. Sentralt står aksept for lidinga og at ein kan finne ein ny identitet utanfor problema (Davidson, O'Connell, Tondora, Styron, & Kangas, 2006). Davidson (2006) hevdar at ingen skal få merkelappen «så kronisk sjuk» at han eller ho ikkje kan leve eit sjølvstendig, verdig og meningsfullt liv. For å finne ut kva recovery er, har ein utvikla nye modellar. Leamy, Bird, Boutillier, Williams og Slade (2011) har gått gjennom studiar som har undersøkt og summert opp den kunnskapen som er blitt utvikla om betringsprosessar ved alvorlege psykiske lidingar. Funna i denne litteraturgjennomgangen har resultert i eit rammeverk som har fått namnet CHIME-modellen. CHIME er eit akronym for fem samtidige betringsprosessar: Connectedness, Hope and optimism about the future, Identity, Meaning in life, Empowerment (Leamy et al., 2011).

*Å stå i kontakt* handlar om at vi som menneske er orienterte mot andre. *Håp og framtidstru* handlar om å tru på at det finst ei framtid der eit godt liv med meningsfulle kvardagar kan vekse fram. *Identitet* handlar om å godta seg sjølv og sine psykiske problem og om å bygge ein identitet der ein er meir enn ein pasient. *Oppliving av mening* handlar om å gi dei psykiske helseplagene mening. Sjølv om dette er utfordrande, er det ein føresetnad for betring. *Meistring og myndiggjering* handlar om at det for mange er vesentleg å ta kontroll og oppnå ei kjensle av ansvar for å kunne komme ut av rolla som psykisk sjuk (Veseth & Skjølberg, 2016). Stuart, Tansey og Quayle (2017) seier at det å utvide CHIME-modellen kan vere ei anerkjenning av at det finst utfordringar og vanskar. Den anerkjenninga kan vere eit steg i retning av å utfordre sosiale ulikskapar.

#### 2.4.2 Recovery i Noreg

Dei siste 15–20 åra har recovery-tankegangen også nådd Noreg. Vi finn blant anna at helsemyndigheitene har teke i bruk omgrepet som eit grunnsyn som bør implementerast innanfor psykisk helsevern (Helsedirektoratet, 2014; Sosial- og helsedirektoratet, 2006b). Karlsson og Borg har tilpassa og utvikla ein definisjon som høver i norsk kontekst:

Recovery er det arbeidet personen gjør alene eller sammen med andre for å oppleve og skape mening i eget liv. Et liv der han eller hun erfarer å bli elsket av noen og elsker andre. Et liv der han eller hun opplever å høre til og være til nytte. Et liv med muligheter til gleder og moro. (Karlsson & Borg, 2017, s. 11)

Denne definisjonen syner at recovery er noko ein gjer både åleine og saman med andre ved å høyre til og kjenne at ein er nyttig i samfunnet. Definisjonen går eitt steg vidare ved å seie at recovery også handlar om å ha glede og moro i livet. Sentralt i denne forståinga er at ingen personar kan endrast utan at dei sjølv ønsker det. Vidare seier Karlsson og Borg (2017) at recovery er ein del av ein humanistisk og ein sosial tradisjon. Eit humanistisk syn på mennesket vil seie at alle menneske blir skapte, haldne fast og utvikla i sosiale relasjonar mellom menneske, lokalmiljø og samfunnsstrukturar. Dette synet erkjenner at sosiale faktorar som klasse, etnisitet, kjønn, seksuell legning, utdanning, religion og familiebakgrunn skaper skilnader mellom enkeltmenneske og grupper av menneske og i sosiale levekår.

Karlsson og Borg (2017) argumenterer for at mennesket er ein handlande aktør som er eit autonomt, rasjonelt, sosialt og åndeleg vesen. Å ha autonomi betyr at personen har moglegheiter til å ta vare på seg sjølv og kan stå fram med både sjølvrespekt og verdigheit. I denne humanistiske forståinga av recovery prøver ein å etablere samvær, samhandling og samarbeidande praksisar. Ifølge Karlsson og Borg (2017) kan ikkje recovery implementerast i dei eksisterande tenestene for psykisk helse og rus. Recovery må heller utviklast gjennom samarbeid og samhandling. Ein må sjå på menneske som likeverdige med fagkunnskap, og fagpersonar må få opplæring i korleis dei kan ta denne kunnskapen i bruk saman med dei som søker hjelp, og saman med erfaringsmedarbeidarar. Dette er endringar som må skje på systemnivå, på organisasjonsnivå og på fagpersonsnivå.

Målet med recovery-orienterte praksisar er å tilby menneske med psykiske lidingar effektive og kulturtilpassa tenestetilbod. Tanken er at den enkelte skal kunne velje dei tenestene og den støtta som bidreg til å fremme betring hos seg. Det vil seie at fokus blir flytta frå å diagnostisere og redusere symptom og manglar til å identifisere og bygge opp under kvar enkelt sine ressursar. Ved å fokusere på dei friske sidene og den einskildes kompetansar vil ein kunne støtte personen i å meistre sin eigen situasjon, samtidig som ein hjelper vedkommande med å bli integrert i lokalsamfunnet (Davidson, Tondora, Lawless, O'Connell, & Rowe, 2009).

#### 2.4.3 Utfordringar ved recovery som omgrep og praksis

Ingen omgrep er utan kritikk. Slik er det også med recovery. Innvendingane omfattar mellom anna at pasientar blir skrivne for tidleg ut av sjukehus fordi det ikkje er eit krav om at dei skal vere friske, og at tenester seier dei er recovery-orienterte, utan at det er forankra i



organisasjonen (Bird et al., 2014). Noko av denne kritikken kan sjå ut til å vere rettkomen. Waldemar, Esbensen, Korsbek, Petersen, og Arnfred (2019) har gjennomført ein observasjonsstudie på ein sengepost i psykisk helsevern. Målet med studien var å undersøke samspelet mellom pasientar og helsepersonell. I denne studien fann dei at pasientane blei inviterte til å gi uttrykk for sine meiningar og tankar, men at det framleis var helsearbeidarane som tok avgjerslene. Det var lite refleksjon over recovery-orientering i samspelet mellom pasientar og helsearbeidarar, og det såg ut til at recovery blei eit supplement til dei eksisterande praksisane framfor å vere eit fundament i behandlinga. Kritikken som går på at recovery blir implementert utan at det er forankra i organisasjonen, kan føre til at ein gjer noko anna enn det ein seier, noko som kan føre til svekt tillit. Rose (2014) hevdar at det var brukarane som fann opp recovery som omgrep, og at det seinare blei teke i bruk av fagfolk. Ifølge Rose (2014) starta recovery som ein frigjerande diskurs, som så er blitt instrumentalisert og utvatna.

Davidson et al. (2006) har utarbeidd ei «topp ti-liste» over kjende innvendingar fagfolk har mot recovery. Denne lista er laga på grunnlag av presentasjonar, diskusjonar og opplæring om recovery, og kritikken omhandlar blant anna følgande tema: Recovery er gammalt nytt. Recovery-orientering kjem i tillegg til andre ting som helsearbeidarar i psykisk helsevern må gjere i ein allereie pressa kvardag. Recovery betyr at personen er frisk. Betring skjer for veldig få menneske med alvorlege psykiske lidningar. Recovery er uansvarleg. Betring skjer berre etter, og som eit resultat av, aktiv behandling og innsikt. Recovery kan berre implementerast gjennom å opprette nye tenester. Recovery-orienterte tenester er verken kostnadseffektive eller evidensbaserte, og recovery-orienterte tenester devaluerer fagfolkas rolle (Davidson et al., 2006).

Brukarane er også kritiske til recovery-omgrepet slik det har utvikla seg. Ei brukargruppe har teke til motmæle mot eit omgrep som dei meiner er blitt brukt for å disiplinere og kontrollere dei som prøver å finne sin plass i verda, som vil leve slik dei ønsker, og som prøver å handtere sine psykiske lidningar kvar dag (Recovery in the Bin, u.å.). Dei meiner at mange aldri vil kunne bli betre så lenge dei lever under dårlege bustadforhold, ulik maktbalanse, stigma, rasisme, sexism og urimelege forventningar i arbeidslivet samt møter mange, mange andre hindringar. Vidare hevdar dei at recovery-ideologien er med på å maskere tvangsbruk. Dei reagerer også på at dei føler seg tvungne til å fortelje sine historier

for å bli høyrde, anten som likemenn, som aktivistar eller som akademikarar. Dei meiner at det framleis er eit hierarki som er undertrykkande, og at betring er umogleg å oppnå så lenge samfunnet er så undertrykkande som det er (Recovery in the Bin, u.å.). Morgan (2018) hevdar at så lenge det finst tvang, vil det punktere ideologien om det å ha håp og kunne ta egne val. Vidare påstår han at vi treng ein debatt om kvifor tvang oppstår, fordi betring er umogleg så lenge det eksisterer tvang.

Oppsummert er recovery ei grunnlagstenking der mennesket er i fokus og personen sjølv har innverknad på eigen betringsprosess. Helsearbeidarane si rolle er meir å støtte pasienten, slik at han eller ho med hjelp kan få ein best mogleg kvardag i sitt lokalsamfunn. Dette omfattar hjelp til å halde kontakt med venner, familie, samfunn og arbeid. Denne måten å arbeide og tenke på er implementert nokre stader, og norske styresmakter framsnakk ei slik utvikling. Likevel har recovery fått kritikk frå ekspertar for å ikkje klare å ta omsyn til dei sjukaste, og for at det kan komme i konflikt med den tradisjonelle medisinske tankegangen og det tradisjonelle synet på sjukdom. Nokre brukarorganisasjonar seier på si side at recovery-tenkinga ikkje har ført til at menneske med psykiske lidingar har blitt betre. Alle desse perspektiva er sentrale for min studie og for avhandlinga i sin heilskap, i den forstand at kunnskap om desse ulike perspektiva støttar refleksivitet i prosjektet, fremmar eit mest mogleg ope empirisk blick og hjelper ein vekk frå ei forforståing om at eitt perspektiv er avgjort godt og andre er ikkje det.

## 3 Metode

Forskningsdesignet i denne studien er kvalitativt. Kvalitativ metode blir ofte brukt når vi vil vite meir om menneskelege erfaringar, opplevingar, tankar, forventingar, motiv og haldningar (Brinkmann & Tanggaard, 2015; Krumsvik, 2014; Malterud, 2017). Kvalitativ forskning er spesielt oppteken av det situerte (det som skjer der og då), det kontekstuelle og det praksisnære. Det blir også sett på som eit handverk som må lærast (Krumsvik, 2014).

Vi har henta inspirasjon frå hermeneutisk-fenemeneologisk tilnærming (Binder, Holgersen, & Moltu, 2012; Smith, Flowers, & Larkin, 2009). Til å handtere eit komplekst datamateriale fann vi at tematisk analyse (Braun & Clarke, 2006; Braun, Clarke, Hayfield, & Terry, 2019) og Interpretative Phenomenological Analysis (IPA) (Smith et al., 2009; Smith, 2004) var spesielt eigna for og ofte brukte i forskingsprosjekt innanfor psykisk helse. Difor har vi brukt desse som inspirasjon i analysane av datamaterialet. I den praktiske gjennomføringa av studien har vi nytta oss av både kunnskap i form av eigenerfaringa til menneske som har vore innlagde i psykisk helsevern, og kunnskap om forskning som er erverva gjennom utdanning og forskingserfaring. Målet er å få ny praksisnær kunnskap som kan brukast til å utvikle og forbetre helsetenestene innanfor psykisk helsevern.

### 3.1 Design

Vi har gjort djupneintervju med 14 ulike menneske. Djupneintervju er individuelle intervju der målet er å legge til rette for ein interaksjon som gjer det mogleg for deltakarane å fortelje si historie med eigne ord (Malterud, 2017; Smith et al., 2009). Datainnsamlinga starta i mars 2016, og i mars 2017 hadde vi gjort førstegongsintervju med 14 deltakarar. Parallelt med dette gjennomførte vi også andregongsintervju. Denne delen av datainnsamlinga starta i september 2016, og 11 av deltakarane sa ja til og var med på begge intervju. Datainnsamlinga i andre intervjurunde blei avslutta i september 2017.

Dette er eit prosjekt tufta på ein idé om samarbeid og dialog mellom forskarar og brukarar av tenester i psykisk helsevern. Målet med og utforminga av forskingsprosjektet er utvikla innanfor eit rammeverk av brukarinvolvert forskning, der menneske med eigenerfaring har vore med som medforskarar (Borg & Kristiansen, 2009a; Davidson, Shaw, et al., 2010; Hansen, Hummerfelt, Kjellevoll, Norheim, & Sommerseth, 2010; Humerfelt, 2005; Johannessen, Natland, & Støkken, 2011; Veseth, Binder, Borg, et al., 2017). Vi etablerte ein

samarbeidande prosess der brukaranes innsikt og perspektiv var med på å utforme studiedesignet. Dersom vi får stilt dei rette spørsmåla, kan det bidra til at vi får ei djupare forståing av levde erfaringar (Davidson, 2003). Vi ville utforske erfaringar med å vere innlagd i psykisk helsevern. Det blei difor naturleg å samarbeide med menneske som hadde eigenerfaring med innlegging i psykisk helsevern.

### 3.2 Etablering av og struktur på gruppa

Prosjektet starta med at det blei utlyst ei stipendiatstilling. Forskarar, ein medforskar og ein brukarrepresentant hadde samarbeidd om å skrive utlysingsteksten. Eg søkte på og fekk denne stipendiatstillinga, og prosjektet var heilt frå starten planlagt som eit medforskarprosjekt. Då eg tok til i stipendiatstillinga, etablerte vi ei arbeidsgruppe med meg som stipendiat og prosjektleiar. Vi brukte våren 2015 til å planlegge og rekruttere til ei medforskargruppe (vedlegg 1). Medforskarar med forskarerfaring (MFF) var Christian Moltu (CM), Marius Veseth (MV) og Eli Natvik (EN). Medforskarkoordinator var Åse Skjølberg (ÅS), og brukarrepresentant i Helse Førde var Gerd Bjørkedal (GB). I denne arbeidsgruppa la vi ein plan for korleis vi skulle etablere medforskargruppa og utvikle gode måtar å samarbeide på. Å etablere tydelege strukturar er spesielt viktig i samarbeidsbasert forskning, jf. Moltu et al. (2012). På same tid er det slik at denne typen prosjekt vil ha mykje usikkerheit knytt til seg (Beresford, 2019; Moltu et al., 2012; Morrow, Ross, Grocott, & Bennett, 2010; Telford & Faulkner, 2009). Ved reell involvering kan ikkje alt vere planlagt på førehand, og den usikkerheita må ein kanskje tole om ein vil unngå tokenisme.

Fleire av medlemmene i gruppa hadde erfaring med samarbeidsbasert forskning frå før (Veseth, Binder, Borg, & Davidson, 2013; Veseth, Binder, Borg, & Davidson, 2016; Veseth, Binder, Borg, & Davidson, 2012a). Desse erfaringane var viktige og nyttige då vi planla korleis vi skulle arbeide saman. I samarbeidsforskning er ulik maktbalanse blitt framheva av fleire (Happell, Gordon, Bocking, Ellis, Roper, Liggins, Scholz, et al., 2018; Rose, 2018). Forsøk på å utjamne maktbalansen blei difor tidleg eit kjernemoment. Å ha fleire MFE-ar enn MFF-ar var ei avgjersle som blei teken fordi det kan bidra til å hindre maktubalanse (Happell, Gordon, Bocking, Ellis, Roper, Liggins, Scholz, et al., 2018; Moltu et al., 2012). I arbeidsgruppa blei det bestemt at vi skulle ha samlingar tre til fire gonger i året. Vi planla at vi skulle variere litt kor samlingane skulle vere, at dei skulle vere på hotell, og at vi skulle møtast over to dagar, med ei overnatting imellom. Erfaringar hadde vist at nettopp det å møtast over tid, på ein nøytral

stad og med sosialt samvær for å bli godt kjende var viktige moment i samarbeidsbasert forskning. Spesielt har desse momenta synt seg å vere effektive for å utjamne maktbalansen (Moltu et al., 2012; Moltu et al., 2013). På bakgrunn av desse avgjerslene sende vi ut informasjonsskriv om prosjektet til moglege MFE-ar, der vi bad om tilbakemelding på om dei ville vere med i dette forskingsprosjektet.

Vi hadde vår første samling i september 2015. På denne samlinga hadde vi to sentrale mål: 1) å bli kjende som gruppe, og 2) å presentere prosjektet og legge rammene for korleis vi ville jobbe. Det var ein god, men famlande start. Medforskning som metode inneber også at metode og rammer ikkje er fastlagde på førehand (Jennings et al., 2018; Veseth, Binder, Borg, et al., 2017). Det bidreg til å skape usikkerheit og til at det kan bli mange inntrykk i starten av prosjektet.

For å styrke ei refleksiv haldning og for å lære metodisk av medforskningsprosessen slik han utvikla seg, blei drøftingane på dei ulike samlingane tekne opp på lydband. Dette har vore eit viktig hjelpemiddel for å forstå den konstruktive dynamikken som ei medforskningsgruppe kan skape, og for å utforske det som kan vere utfordrande. Alle deltakarane gav eksplisitt samtykke til dette metodiske valet. Eg som prosjektleiar har brukt desse lydbanda til å arbeide vidare med det vi snakka om på samlingane, for dermed å vidareutvikle og sikre framdrift på prosjektet mellom samlingane. Ved gjennomgang av lydband frå første samling kom det tydeleg fram at vi hadde opne diskusjonar om kva prosjektet skulle ende opp som, og at det kjendest viktig for dei som var med denne dagen. MFF: «Når vi jobbar no, så ikkje berre ser eg at dette er viktig, men eg KJENNER at det er viktig.»

På første samling delte vi oss inn i mindre grupper for å diskutere kva forskinga skulle handle om. Spørsmålet om korleis ei innlegging kunne vere til hjelp, blei tidleg sentralt. I utlysinga av midlane som låg til grunn for prosjektet, var det tenkt at prosjektet også skulle studere korleis bruken av eit tilbakemeldingssystem for brukarar, NORSE (Moltu et al., 2018), blei opplevd på ein sengepost i psykisk helsevern. Prosjektet endra retning på bakgrunn av gruppediskusjonane og undersøkte ikkje dette.

Eit mål var at alle skulle vere involverte, og det var opp til oss som gruppe å finne ut i kva grad den einskilde skulle vere involvert. At ein i kvart enkelt tilfelle avklarar rammene, er

framheva som spesielt viktig også frå andre prosjekt (Borg & Kristiansen, 2009a; Moltu et al., 2012). I og med at nokre av medlemmene i gruppa hadde erfaring frå slikt arbeid, og andre ikkje, blei det viktig å avklare forventingar og prøve å danne eit grunnlag for felles mål. I vårt prosjekt valde vi å ha vår eigen «forskarskule» for å gi opplæring og informasjon etter kvart som det var aktuelt i prosessen. På den første samlinga hadde vi introduksjon til kvalitativ metode, samarbeidsbasert forskning, forskingsspørsmål og intervju spørsmål. Vi hadde også opplæring om kvalitative intervju i forkant av intervju. Lenger ut i prosessen hadde vi eit eige skrivekurs for medforskarane. Avgjersler blei tekne på samlingane, men nokre av avgjerslene var av ein slik art at dei tok tid å avklare – og då var det eg som prosjektleiar som hadde ansvaret for å ta avgjersler basert på det som vi diskuterte i gruppa. Då vi skulle bestemme studiedesign, hadde eg som prosjektleiar ansvaret for at vi brukte riktig metode til riktig spørsmål, og for at det forskingsetisk og metodisk kunne late seg gjennomføre innanfor gjeldande rammer. Eit anna døme er utvikling av forskingsspørsmål og intervjuguide: På samlingane hadde vi idémyldring og diskusjon. Sidan blei det mi oppgåve å samle og konkretisere spørsmåla.

Samarbeidsforskning er ofte krevjande for alle som er med (Borg & Kristiansen, 2009a; Moltu et al., 2012; Staddon, 2013; Wallcraft et al., 2009). På lydband frå første samling avslutta eg samlinga med desse orda: «Eg kjenner at det har vore to fine dagar, og eg kjenner at no er det fullt av inntrykk, hos meg i alle fall.» Dette var gjennomgåande for heile gruppa, alle gav uttrykk for at arbeidsforma og tematikken var givande, men krevjande. Slik uttrykte ein av MFE-ane sine tankar om den første samlinga:

Det har vore veldig interessant, men samtidig litt skremmande. Det dukkar opp ting i deg sjølv, men så har vi lov å, om vi ikkje får med oss alt som skjer, så får vi lov til å dette inn i bobla vår ei lita stund. Så eg synest det har vore veldig interessant, men krevjande, eg har til dels opplevd litt vanskelege ting sånn kjenslemessig som har dukka opp. Men no var det litt mykje i dag også, for det var informasjon og sånne ting som vi skulle ha med.

Dette dømet viser at det kan vere kjenslemessig tøft å delta i slik forskning. Denne erfaringa har også andre hatt. Det viser seg at medforskning kan vere terapeutisk og frigjerande, men også krevjande og tungt for dei som tek del (Johnston, 2019).

### 3.3 Utval og rekruttering

Når ein skal gjere utval, vil ein velje personar som kan bidra til å svare på forskingsspørsmålet (Hill, 2012). Vi ville utforske korleis det var å vere innlagd i psykisk helsevern, og valde difor å gjere intervju med menneske som var innlagde i psykisk helsevern. Vi utvikla kriterium for deltaking for å sikre at deltakarane hadde rike erfaringar som kunne belyse forskingsspørsmåla. Desse var: frivillig innlagd i psykisk helsevern, i minimum tre veker. For å kunne seie noko meningsfullt om korleis ei innlegging verkar inn på folks kvardagsliv, og korleis det som skjer på avdelinga, også skal peike fram mot livet der heime, valde vi å gjere intervju med deltakarane på to ulike tidspunkt. Dette gir rom for å undersøke både kontinuitet og endring i deltakarane si erfaring (Hill, 2012). Det gir også auka moglegheiter for å skape eit sterkare band mellom forskar og deltakar, noko som kan føre til at deltakarane kjenner seg tryggare når dei skal skildre emosjonelle erfaringar (Hill, 2012).

I kvalitativ forskning legg ein vekt på utvalets eigenart og kva det betyr for moglegheitene til å overføre kunnskapen. Utvalet skal gi eit tilstrekkeleg rikt og variert materiale (Hill, 2012; Malterud, 2017). Om utvalet er for homogent, kan det vere vanskeleg å få fram data og nyansar som gir ny kunnskap eller som opnar opp for nye spørsmål (Malterud, 2017). Vi ville ha fram varierte stemmer og erfaringar med å vere innlagd. Vi valde difor å rekruttere både personar som hadde mange innleggingar, og personar som hadde få innleggingar. Vi ville ha deltakarar av begge kjønn, i alle aldrar (frå 18 år og oppover) og med ulik livs- og arbeidssituasjon. På DPS er det samla menneske med ulike livserfaringar og ulike diagnoser. Kva diagnose deltakarane hadde, blei mindre relevant. Det var nemleg erfaringa med å vere innlagd vi ville fange, samt at vi også ville ha variasjon i utvalet. Vi planla å gjere to intervju med 14 deltakarar, noko som ifølgje erfaringar i forskarteamet og kvalitativ metodeteori skal vere nok til å fange variasjonen og seie noko meningsfullt om fenomenet vi studerer (Hill, 2012; Malterud, Siersma, & Guassora, 2016; Smith et al., 2009).

Å rekruttere deltakarar til kvalitative studiar kan vere vanskeleg. Det er tidkrevjande og energikrevjande (Hill, 2012). Vi rekrutterte ved å lage ein plakat som vi hengde opp ved tre ulike DPS i Sogn og Fjordane. Vi la også ut informasjonsfoldarar (vedlegg 2) på avdelingane, slik at interesserte deltakarar kunne ta kontakt med prosjektleiar dersom dei ønskte å delta i studien. I tillegg var prosjektleiar og MFK gjestar på morgonmøte saman med

pasientar og personale for å informere om studien. Det var ingen som tok kontakt basert på folder og plakat på avdelinga. Dei deltakarane som ønskte å vere med i studien, tok direkte kontakt med meg etter at vi hadde gjesta morgonmøte på avdelinga. Eg var på fleire slike morgonmøte før deltakarane tok kontakt. Vi opplevde at dei gongene MFK var med, tok deltakarane lettare kontakt. Tabellen under syner ei oversikt over deltakarane i studien. Her er alder og innleggingar presenterte i intervall for å sikre anonymisering av deltakarane.

Deltakar	Kjøn	Alder	Sivilstatus	Arbeidssituasjon	Innleggingar
1	Kvinne	20-åra	Bur med mann og barn	I arbeid	Mindre enn 5
2	Mann	30-åra	Bur åleine	Ufør	Meir enn 5
3	Kvinne	40-åra	Bur med mann og barn	I arbeid	Mindre enn 5
4*	Mann	40-åra	Bur åleine	Ufør	Meir enn 5
5	Mann	70-åra	Bur med kone og barn	Pensjonist	Mindre enn 5
6	Mann	50-åra	Bur åleine	Ufør	Meir enn 5
7	Mann	40-åra	Bur med kone og barn	I arbeid	Mindre enn 5
8	Kvinne	20-åra	Bur åleine	Ufør	Meir enn 5
9	Kvinne	40-åra	Bur åleine	Arbeidsledig	Mindre enn 5
10 *	Mann	30-åra	Bur åleine	Arbeidsledig	Mindre enn 5
11	Kvinne	60-åra	Bur åleine	I arbeid	Mindre enn 5
12	Kvinne	50-åra	Bur med barn	I arbeid	Meir enn 5
13	Kvinne	50-åra	Bur åleine	Ufør	Meir enn 5
14 *	Mann	50-åra	Bur åleine	I arbeid	Meir enn 5

\* Var med på det første intervjuet.

### 3.4 Intervju

Det er vanleg å gjere individuelle intervju når vi ønsker å gi deltakarane tid og rom til å hente fram erfaringar, og når temaet eller situasjonen krev tryggleik og ettertanke. Målet er å la personen fortelje med eigne ord, og ein ønsker å forstå personens daglegliv frå personens eige perspektiv (Kvale & Brinkmann, 2009; Malterud, 2017; Packer, 2011; Smith et al., 2009). I eit forskingsintervju blir kunnskap skapt i samspel mellom menneske. Den som utfører intervjuet, og den som blir intervjuet, påverkar kvarandre (Binder et al., 2016). Kunnskapen og erfaringa som kjem fram, finst delvis i deltakarane frå før. Samtidig oppstår det i sjølve sampelet mellom intervjuar og den som blir intervjuet. Det vil seie at det kan bli eit anna samspel og ein annan kunnskap dersom ein annan person gjennomfører intervjuet (Kvale, Brinkmann, Anderssen, & Rygge, 2015). Eit forskingsintervju er ei spesifikk



profesjonell samtale som har eit klart asymmetrisk maktforhold mellom deltakar og forskar (Kvale et al., 2015; Packer, 2011). For å prøve å utjamne den asymmetriske maktrelasjonen, valde vi å ha med ein MFE som intervjuar.

Spørsmåla i eit intervju bør vere korte og enkle (Kvale et al., 2015). Målet med eit intervju er å få svar på forskingsspørsmåla, men forskingsspørsmål er ofte så abstrakte at det ikkje fungerer å stille dei direkte til deltakarane (Smith et al., 2009). Å lage ein intervjuguide med spørsmål som kan vere til hjelp for å svare på forskingsspørsmåla, er også med på å førebu den som skal utføre intervjuet. Spørsmåla bør vere opne, og det kan vere lurt å ha tenkt gjennom ulike oppfølgingsspørsmål dersom ein ønsker å få deltakarane til å gå meir i djupna i sine svar (Hill, 2012; Kvale & Brinkmann, 2009). Døme på slike spørsmål kan vere «Kan du fortelje litt meir om det?», og det kan også vere eit nikk eller ei stadfesting på at du lyttar. Tausheit, direkte og indirekte spørsmål samt fortolkande spørsmål som «Du meiner altså at ...» gjer at intervjuaren kan nytte seg sjølv og sin kunnskap som reiskap i ei intervjusamtale (Kvale & Brinkmann, 2009; Smith et al., 2009).

Forskingsspørsmål og intervju spørsmål blei utvikla saman med medforskarane. Eg laga eit forslag til intervjuguide basert på gruppesamtalene. Den førebelse intervjuguiden blei sendt ut på høyring til gruppa, og eg oppmoda dei til å komme med skriftleg respons. Intervju spørsmål var eige tema på ei samling der vi tok utgangspunkt i mitt forslag. På ei av gruppesamlingane samarbeidde vi om å gjere endringar i intervjuguiden. Etter at vi hadde gjort justeringar, prøvde vi ut intervjuguiden i rollespel. Intervjuguiden (sjå vedlegg 3) blei endra enda ein gong etter innspela som kom fram etter rollespelet. Det å prøve ut spørsmåla – både korleis det var å stille dei, og korleis det var å svare på dei – var ei nyttig øving i denne prosessen. Det var også nyttig å prøve ut og øve på ulike former for introduksjonsspørsmål, oppfølgingsspørsmål, inngåande spørsmål, meir spesifikke spørsmål samt direkte og indirekte spørsmål (Kvale et al., 2015). I tillegg deltok dei av MFE-ane som ønskte å bidra som intervjuarar i prosjektet, på ein temadag om å gjere intervju. På denne dagen øvde vi oss på sitte stille i lag, på å lytte og på å stille oppfølgingsspørsmål. Denne temadagen var nødvendig for å styrke og førebu oss tre som skulle vere med på å gjere intervju.

Å gjennomføre eit prøveintervju, eller ein pilot, er nyttig for å sjå om ein faktisk får svar på det ein ønsker å få svar på, om intervjuobjekta forstår spørsmåla, og om rekkefølga er logisk (Hill, 2012). For å prøve ut intervjuguiden valde eg å gjennomføre eit prøveintervju

med ein frivillig person som hadde erfaring med å ha vore innlagd, og som ikkje hadde delteke i arbeidet med intervjuguiden. I etterkant av prøveintervjuet hadde vi ein evalueringssamtale om intervjuguiden. Deretter gjorde vi nokre små justeringar. Vi gjennomførte også eit nytt prøveintervju med same person. Då brukte vi intervjuguiden som var utarbeidd til andregongsintervjuet. Prøveintervjua er ikkje inkluderte i datamaterialet.

I ein intervjusituasjon er det viktig å skape eit trygt klima prega av fortrulegheit og tryggleik, og ramma rundt intervjuet er difor vesentleg (Hill, 2012; Kvale & Brinkmann, 2009; Malterud, 2017; Smith et al., 2009). Det første intervjuet blei utført anten på eit møterom på avdelinga eller ein stad utanfor avdelinga, blant anna i lokala til Høgskulen på Vestlandet. Det var deltakaren som bestemte tid og stad. Viss vi gjennomførte intervjuet på avdelinga, blei dette avklart med personalet ved avdelinga, som hjelpte oss med å finne eit passende rom, slik at vi ikkje blei forstyrra. Deltakarane blei informerte om at ein medforskar kunne vere med på intervjuet saman med forskaren, dersom dei ønskte dette. Dei fleste (10) av deltakarane valde å ha med ein medforskar.

I kvalitative intervju er det mest vanleg at ein forskar gjer intervju med ein deltakar (Kvale & Brinkmann, 2009; Malterud, 2017; Smith et al., 2009). Intervju med éin intervjuar og to deltakarar er ein metode som også er utprøvd (Eisikovits & Koren, 2010; Harris, 2015; Morgan, Ataie, Carder, & Hoffman, 2013; Polak & Green, 2016). Dette valet blei gjort for å prøve å redusere skiljet mellom forskar og deltakar (Kvale et al., 2015). Å vere tre i ei intervjusamtale der to har noko spesifikt til felles, kan ha visse fordelar ved at dei kan støtte og forstå kvarandre, og ved at intervjuet kan få meir preg av ei «vi»-samtale der det oppstår eit fellesskap (Eisikovits & Koren, 2010; Polak & Green, 2016). Det gir rom for at tema og episodar som kjem fram, blir kjende att og hugsa, og det gir moglegheit til å få rikare data frå kvar deltakar (Morgan et al., 2013).

I dei fleste intervjua var det ein naturleg flyt i samtale. Som prosjektleiar hadde eg hovudansvar for å halde flyt i samtala, og eg leia samtala. Det å vere tre gjorde at ein av oss kunne ha eit spesielt ansvar for å passe på at vi kom innom alle temaa i intervjuguiden. Deltakarane i studien delte villig sine erfaringar, og dei fleste intervjua blei rike samtaler – der deltakarane sjølv naturleg kom inn på dei fleste temaa i intervjuguiden. Etter kvart som vi fekk meir erfaring med å gjere intervju, klarte vi å lausrive oss meir og meir frå intervjuguiden, slik at intervjua bar meir og meir preg av ei samtale.

Harris (2015), som sjølv har gjennomført ein studie der ho hadde eigenerfaring, og var open om det, erfarte at fleire av deltakarane sa ja til å vere med i studien fordi ho hadde eigenerfaring. Det at ein med eigenerfaring med innlegging var med i intervjusituasjonen, tilførte ein annan kunnskap og ei anna erfaring enn det eg hadde. Sidan dei sjølv hadde erfaring med å vere innlagde, hadde dei andre oppfølgingsspørsmål enn meg. Dette medførte at medforskarane kunne stille viktige oppfølgingsspørsmål som eg ikkje kom på. Spørsmåla som var eit resultat av eigenerfaring, førte til at vi fekk ei djupare forståing av viktige tema. Dette utdraget er eit eksempel på eit slikt samspel mellom MFE og deltakar:

**Deltakar:** Ja, det kan godt vere ... Det er sikkert, det er ikkje sikkert det er sånn eingong. Det kjem sikkert heilt an på ... men ... det er kanskje det som er med ekstravaktene, at dei torer å ta ein sjanse, at dei ... dei veit kanskje ikkje så mykje om på ein måte, historia mi på ein måte ... Dei tilsette har kanskje lese og lese, sant, medan dei på ein måte, sant: «Å ja, er du liksom», jo, dei er kanskje ... Dei tek sjansen, at dei vil liksom høyre meir, ja ... dei ... møter meg på ein måte på nytt, kanskje ... I starten, at dei vil gjerne danne seg eit bilde på ein kvardagsleg måte ... mmm ...

**MFE:** Eg synest det høyrst veldig interessant ut det du seier, eg kjenner meg sjølv igjen i det ... at eg kunne ofte kjenne at ekstravaktene var liksom enklare å få litt sånn, ikkje nærmare tilknytning til kanskje, men litt lettare ... ehh. At dei snakka litt meir om alt det andre, meir om seg sjølv, medan dei som var tilsette, kanskje var meir oppatt av, som du seier, nettopp det.... «No må vi ikkje trakke feil, og ... sånn ...»

**Deltakar:** Mmm. Og så trur eg også det at dei ekstravaktene, dei har litt meir tid, dei kan sitte der med ein kaffikopp, og sånn. Og så synest ofte eg at ... ofte så har eg liksom ... hatt episodar eller sånn med dei som er tilsette ... eller dei ... eller meir dei sjukepleiarane etter kvart. Lat oss seie at det har vore ei ekstravakt inne, da, altså som på ein måte har vore der, og så har eg på ein måte fått eit eller anna som har skjedd, og så tilkallar dei ein sjukepleier for å vurdere, eller sånn. Det er kanskje litt òg at eg føler meg kanskje litt mindre saman med enkelte, med utdanning, fordi dei kan, dei har plassert meg inn i eit system ... men dei. På ein måte ekstravaktene er på ein måte litt sånn ... litt sånn som ho på treningsavdelinga, at dei er litt utanfor ... at dei er ein litt annan. Eg føler meg mykje rolegare, meir som meg sjølv, meir som

menneske, med dei av og til. At eg tenker at eg vil lære dei litt om ... sånn .... diverse ... dele ... erfaringar, litt sånn som eg gjer no, seie at liksom seie at ... «det her er veldig bra, det og det, var jo heilt tåpeleg» og altså, det blir ein ... eg veit ... (ler litt) ... Ja, noko sånt ...

Som eksempelet over viser, hende det at deltakar og MFE delte ei erfaring som eg ikkje kunne ta del i, og eg blei nysgjerrig på kva dette var. Dei opparbeidde eit «vi» som eg ikkje tok del i. Det å gjere intervju saman med ein med eigenerfaring førte til rike diskusjonar, der MFE-en sine spørsmål førte ei utdjuping av og avgrensing som gjorde at vi kom nærmare deltakaren si erfaring. I etterkant av det andre intervjuet reflekterte vi kring dette samspelet mellom medforskar og deltakar, der dei begge opplevde at dei forstod kvarandre, og at eg på ein måte blei ein tilskodar. Her er eit lite utdrag av ein slik refleksjon mellom ein deltakar og meg:

**K:** Eg har tenkt veldig på det som skjedde førre gong, då det var noko dokker to ... Kva var det dokker to forstod ... Ja, det var dette med å skrive i journal. For det hadde eg nesten ikkje høyrte om før [...], for då hadde dokker ei sånn felles oppleving, og eg skjønnte ikkje kva dokker snakka om ...

**Deltakar:** Vi gjekk inn i ei sånn boble, følte eg av og til i det førre intervjuet [viser til seg sjølv og medforskaren som var med på intervjuet].

**K:** Ja, at dokke?

**Deltakar:** Ja, at det var ei positiv greie. At vi liksom kunne prate så jamt om det, eller sånn. Så følte eg liksom at du var ein sånn tilskodar, eller sånn. Eller, eg blir ofte sånn at. Det var liksom ei boble. Eg syntest det var positivt, for å lære litt sånn sett, faktisk.

**K:** Ja, det passa jo litt godt òg, då. For då skjønnte eg ingenting, og eg såg at dokker to var heilt einige, eller dokker skjønnte kvarandre, då ... mmm. Så det var ei god oppleving, syntest eg også, sjølv om eg var på utsida. Veldig spennande.

Dette er eit døme på at deltakar og medforskar delte ei erfaring som eg ikkje forstod, dei utvikla eit «vi». Det at dei hadde noko til felles som eg ikkje tok del i, førte til ei kjensle av samhøyr mellom dei to. Og at dei kunne forklare meg kva det handla om, førte til ei enda

sterkare kjensle av samhøyr dei imellom, noko som igjen førte til at deltakaren torde å opne seg og vere ærleg i intervjusituasjonen.

Av praktiske årsaker måtte eg gjennomføre nokre intervju utan medforskar. Også dette var gode samtaler, så sjølv om det å få med eigenerfaring i intervjusamtala tilførte noko ekstra, var det ikkje avgjerande for å få gode samtaler med deltakarane. Mi erfaring er at det å få snakke om sin eigen situasjon, og korleis dei erfarte innlegginga, var noko deltakarane syntest var godt uansett kven som var i rommet. Det kan kanskje bety at personlege eigenskapar hos intervjuar også er eit viktig moment. Vi spurde deltakarane i etterkant korleis dei opplevde det at vi var to som utførte intervjuet, og fleire sa at det å ha med ein med eigenerfaring førte til at dei slappa meir av, og at situasjonen blei mindre skremmande. For nokre av deltakarane var det at ein medforskar var med på intervjuet, avgjerande for at dei ville delta. For andre var dette underordna. Det var like viktig at dei kjende at dei hadde kommunikasjon, eller følte seg trygge på dei menneska som var i rommet, uavhengig av deira status. Ein av deltakarane sa dette om at vi var tre i intervjusituasjonen:

**K:** Det at vi har vore to som intervjuar, korleis har det vore?

**Deltakar:** Kanskje det, kanskje det er lettare at det er to. For då, då blir vi ein liten gjeng her [ler litt].

**K:** Og det er ein god ting å vere ein gjeng?

**Deltakar:** Ja.

**K:** Kva var det som gjorde at du hadde lyst å vere med igjen, då? Du kunne jo sagt nei til å vere med på andregongsintervjuet.

**Deltakar:** Eg trur det var det at eg likte den følelsen av å vere, at vi var ein liten gjeng. Likte den at vi sat og snakka i lag på ein måte. Mmmmm.

Då det første intervjuet var ferdig, blei deltakarane spurde om dei framleis ønskte å delta i eit intervju til. Noko alle 14 samtykte i. Det blei også avtalt korleis vi skulle ta kontakt når tida for neste intervju nærma seg. 11 av deltakarane svarte då vi tok kontakt, og ville stille opp på eit nytt intervju. Tre av deltakarane svarte ikkje då vi tok kontakt. Eg prøvde å ta kontakt ved tre ulike høve, og viss dei enno ikkje hadde svart, tok eg ikkje kontakt fleire

gonger. Grunnen til at desse tre ikkje deltok på andre intervju, er ukjend for oss. Den andre intervjusamtala blei utført anten heime hos deltakaren eller på eit møterom i lokala til Høgskulen på Vestlandet, alt etter deltakaren sine ønske. Den medforskarer som var med på det første intervjuet, var også med på det andre intervjuet. Eg som prosjektleiar var med på alle intervju.

### 3.5 Analyse

I denne studien har vi gjort ei langsgåande analyse som er inspirert av Interpretative Phenomenological Analysis (IPA) (Smith et al., 2009). IPA prøver å manifestere idear frå fenomenologi og hermeneutikk. Målet er å utforske i detalj korleis ei erfaring er for ein person. Vidare vil forskarane prøve å forstå kva som skjer med denne personen, gjennom tolking. Metoden bygger på eit premiss om at menneske alltid vil prøve å gi mening til det som skjer med dei. Vidare erkjenner metoden at tilgangen til denne erfaringa alltid er avhengig av det som deltakaren fortel oss om denne erfaringa, og at forskaren må tolke det ut frå deltakaren sin ståstad for å forstå erfaringa. Forskaren prøver å finne mening i og forstå deltakaren når deltakaren prøver å finne mening i si eiga erfaring. Dette blir sett på som dobbelt hermeneutisk (Smith et al., 2009). Metoden vil prøve å finne ut i detalj korleis erfaringa er for nettopp denne deltakaren, og kva mening han eller ho legg i denne erfaringa. Dersom ein skal jobbe med større utval, er det mogleg, men ein må først gå i djupna på ein og ein deltakar (Smith et al., 2009). For å strukturere materialet leitar ein etter ulike tema i teksten. Dette gjer ein ved å abstrahere mønster i teksten og sette nye namn på dei ulike gruppene eller temaa. Her vil ein utvikle hovudtema og undertema som ein nyttar i det vidare arbeidet (Smith et al., 2009).

Å transkribere betyr å gjere tale om til tekst. Vi gjer tale om til tekst når vi skriv ned intervju som er tekne opp på band, ord for ord. Transkripsjon er ifølge Smith et al. (2009) ein del av tolkinga av materialet. Målet i IPA-analysar er å tolke meninga av innhaldet i deltakarane sin historie. Det er ikkje påkravd å ha ein heilt detaljert transkripsjon med lengde på pausar, og non-verbale uttrykk, men transkripsjonen skal vise ord for ord kva som blir sagt av alle som er til stades i rommet. Ein må også vere klar over at ein del av dei sosiale interaksjonane forsvinn når materialet blir omgjort til tekst (Smith et al., 2009). Alle intervju blei transkriberte ord for ord av meg. Dette var ein tidkrevjande og slitsam prosess, men arbeidet førte også til god kjennskap til materialet. Det at eg transkriberte sjølv, samt at eg

var med på alle intervju, gjorde at eg kom nær materialet og fekk god innsikt i kvar einiskild deltakar. Då eg seinare las gjennom analysen, hadde eg stemmene til deltakarane med meg, og eg hugsar og kunne kjenne att den einiskilde deltakaren, noko som letta det vidare analysearbeidet.

I reine IPA-analysar nyttar ein gjerne eit lite utval (5–6 deltakarar), men metoden gir også rom og moglegheit for å studere større grupper ved at ein nyttar ein temabasert, stegvis analysemodell. Stega i metoden gjer det enkelt for ein nybegynnar innanfor analyse å følge framgangsmåten. På same tid gir metoden også rom for å vere meir kreativ og moglegheit for å lausrive seg frå metoden (Smith et al., 2009).

Då eg starta å analysere, var det fint å ha ei «oppskrift» for å komme i gang og få oversikt, og samtidig vite at eg ikkje trengte å følge metoden slavisk. Eg starta med å analysere kvar einiskild deltakar sitt transkript, det vil seie steg 1–4, før eg gjorde analysane på tvers, altså steg 5 og 6 (sjå tabellen under). Det at metoden var fleksibel, var viktig, sidan også medforskarane skulle vere med i denne prosessen. På denne måten har analysen gått fram og tilbake, og prosessen har blitt gjenteken fleire gonger. Tabellen under viser stega i analysearbeidet.

Analyse av intervju		Grad av medverknad
Steg 1	Grunding lesing av kvart enkelt intervju	Prosjektlear + to medforskarar, ein med eigenerfaring og ein med forskarerfaring
Steg 2	Utvikling av førebelse tema, og utfyllande kommentarar	I første fase prosjektlear, deretter heile gruppa
Steg 3	Utvikling av tema for kvar deltakar	I første fase prosjektlear, deretter heile gruppa
Steg 4	Leiting etter forbindelsar mellom temaa for kvar deltakar	Prosjektlear
Steg 5	Gjentaking av steg 1–4 med neste deltakar	Prosjektlear
Steg 6	Leiting etter mønster på tvers av deltakarane	I første fase prosjektlear, deretter heile gruppa

Samarbeidande diskusjonar eller hermeneutiske samtaler om tema og tematiske skildringar av fenomen kan også gjennomførast i ei forskargruppe eller i seminar. Slike metodar er nyttige for å få djupare innsikt i og forståing av materialet (Binder et al., 2012; Van Manen, 1990; Veseth, Binder, Borg, et al., 2017). Det er eksempel på at brukarinvolvering i intervju og analyse kan føre til meir kreativitet, ha meir form av ein samtale og vere ein mindre prosessdriven metode som bryt ut av dei vanlege forskarnormene. Slike bidrag kan gi eit verdifullt tilskot til prosessen og sikre at brukarane sine prioriteringar blir tekne omsyn til i analysane (Locock et al., 2019).

Som prosjektleiar hadde eg det overordna ansvaret for analysen. Då eg leita etter tema som gjekk igjen i datamaterialet, såg eg etter spenningar, blant anna i form av motsetningar. Deretter valde eg ut utsegn i materialet som eg fann interessante, anten fordi dei inneheldt spenningar, fordi temaet var gjennomgåande, eller fordi eg ikkje heilt forstod innhaldet i temaet. Dei fleste medforskarane ville ikkje lese gjennom heile datamaterialet på grunn av arbeidsmengda. To av medlemmene i gruppa ville, og dei fekk lese heile det anonymiserte datamaterialet. Resten ville heller lese kortare utdrag som eg på førehand hadde valt ut. På samlingane fekk alle medforskarane utlevert dei same utdraga, og alle las det same. Vi sette av god tid, slik at kvar og ein fekk lese gjennom utdraga i fred og ro, og kommentere desse for seg sjølv. Då vi samla oss i gruppa att, gjekk vi gjennom dei ulike utdraga. Desse felles diskusjonane blei tekne opp på band og brukte vidare i analysen.

Som prosjektleiar merka eg meg spesielt dei utdraga som det blei spenningar eller ulike meiningar og tolkingar rundt. Fleire gonger blei det diskusjonar blant medforskarane om relevans, ettersom dei hadde ulike erfaringar og opplevingar med det å vere innlagd. MFF-ar og MFE-ar diskuterte tema og undra seg saman over det dei hadde lese. Diskusjonane der ulike perspektiv kom fram, gjorde at eg som forskar utvikla ei større forståing for kompleksiteten i det å vere innlagd. Under kjem eit døme på ei slik gruppesamtale. Gruppa hadde då lese eit lengre utdrag frå eit av intervju, der ei kvinne fortalde om manglande miljøterapi, og om korleis ho sjølv tok initiativ til og gjorde ting som for ho var vesentlege for betringprosessen. Dette var eit langt utdrag, men hovudessensen er at deltakaren fortalde om viktigeita av miljøtiltak som å bruke tid ute samt å gjere ting saman med personalet og medpasientar. Deltakaren delte ei erfaring om at personalet hadde lite tid til slike viktige miljøtiltak.



Gruppa las eit lengre utdrag frå denne samtala og undra seg saman over kva miljøterapi eigentleg er:

**MFF 1:** Det synest som at det skaper relasjonar. Kva tenker dei at er miljøterapi? Eg kunne tenke meg å gå meir i retning av at: Kva er stadens betyding for dei relasjonane som blir skapte, og med relasjonar meiner eg ikkje berre dei personane som er der, men eg meiner også reglane som er der, møblane som er der, stemninga som er der, og så vidare. For det er noko veldig paradoksalt med ... Eg vil jo tru at ... for eg synest ikkje det verkar som det verken er miljø eller terapi her ... Så eg lurar på kva er det som skjer ... Er det det at dei ikkje har tid til miljøterapi? Eller kva er dette for noko? Er det miljøterapi når vi går tur, men ikkje når vi berre er der... eller?

**MFE 1:** Eg hugsar at då eg var innlagd no sist, så hugsar eg at eg tenkte ... her driv dei miljøterapi ... Det som var så stor forskjell frå tidlegare innleggingar, var at du vart ikkje alltid fortalt at «Nei, det må vi vente med til legen kjem på torsdag». Men at dei faktisk snakka med deg. At veldig mange av dei tilsette kunne snakke, og drive litt samtaleterapi. Eg vart litt slått ut av bana fordi eg slapp å gå å vente til den eine dagen i veka. Fleire torer, utan å sjekke at det er greitt med legen, liksom ...

**MFF 1:** Då er vi tilbake til dette med arbeidskultur ...

**MFE 1:** Ja, men det var så tydeleg. For så ofte før er eg blitt møtt med «Ikkje no ... eg veit ikkje om eg kan ... det er ikkje mitt område ... snakk med legen om dette». Men det er avgrensa kva du kan snakke med den legen om i 20 minutt ...

**MFE 2:** Men ... fordi det er ein behandlingsstad, men det er også ein arbeidsplass, og då ... då blir dei mellommenneskelege relasjonane mellom kollegaer noko som kan komme i vegen for ... eller at dei ulike maktbalansane på avdelinga kan vere eit hinder for betring, fordi at for dei tilsette er det arbeidsplassen deira, men for pasientane er det livet deira.

**MFF 1:** Ja, så då er det kven sin stad er det eigentleg?

Ved å sjølv delta i desse samtalene, og lytte til lydband i etterkant, fekk eg ei djupare forståing av temaa i forskingsdeltakarane sine erfaringar, som vi saman prøvde å forstå og utvikle. For meg som prosjektleiar var det nyttig å høyre kva både MFE-ane og MFF-ane

tenkte om dei utdraga dei hadde fått utdelt. Der MFE-ane hadde sine eigenerfaringar som dei knytte analysen opp mot, hadde MFF-ane ei meir analytisk tilnærming. For meg som hadde ansvaret for analysane, var det god hjelp i å jobbe på denne måten, ettersom desse to perspektiva utfylte kvarandre. Eg la også merke til at når medlemmene i gruppa blei betre kjende og hadde jobba i lag fleire gonger, så nærma MFF-ane og MFE-ane seg kvarandre i språket. MFF-ane torde å vere litt friare i sine tolkingar, og MFE-ane sine tolkingar blei meir utforskande mot andre perspektiv enn det dei var i starten.

### 3.6 Etikk

Det å drive forskning stiller strenge krav til at prosjektet er planlagt og gjennomført etter gjeldande etiske normer (Kvale et al., 2015; Malterud, 2017). I kvalitative studiar føreset dialogen mellom deltakar og forskar gjensidig tillit og respekt, og deltakaren skal føle seg trygg utan å føle seg pressa eller invadert. I slike intervju kan deltakarane hugse på ting som kan vere vanskelege for dei, og det er intervjuaren sitt ansvar å passe på at deltakaren kjenner seg vareteken. Vidare kan ei slik datainnsamling representere ein potensiell intervensjon som i seg sjølv kan opne opp for prosessar og psykisk uro (Malterud, 2017). Menneske som er innlagde med psykiske lidingar, er i utgangspunktet ei gruppe menneske som blir rekna som sårbare i forskingssamanheng, og ein kan komme inn på tema som kan vere vanskelege. Det kan vere at ein treng å arbeide vidare med ting i etterkant, men det kan også hende at ei slik intervjusamtale kan gjere godt. At det gir rom for å snakke om ting som ein elles ikkje får snakka om. Slik skildra ein av deltakarane det å vere med i eit slikt intervju:

**Å:** Er det noko meir du til tilføye?

**Deltakar:** Nei, eg føler at eg har fått reinska brystkassen min ganske bra, eg.

**K:** Kva du meiner med det?

**Deltakar:** Det er jo nesten betre med denne timen her enn 14 dagar på [namn på institusjon].

**K:** Kvifor det?

**Deltakar:** Fordi eg har fått reinska ut på min måte. Ja.

Det å vere tre i intervjusamtala kan vere med på å utjamne den asymmetrien som elles kan komme til uttrykk i ei intervjusamtale. For det første kan det vere enklare å ha med

ein likemann for å utjamne den tidlegare nemnde maktbalansen mellom forskar og deltakar. For det andre kan det å vere tre i ei samtale vere mindre intimt, noko som kan gjere det lettare å delta.

Leiinga ved avdelingane var informerte om og hadde gitt sitt samtykke til studien (vedlegg 4). Dersom deltakarane skulle reagere i etterkant, var dei på ein stad der dei kjende seg trygge, og dei kunne ta kontakt med personalet dersom dei hadde behov for det. I rekrutteringa av deltakarar var eg som prosjektleiar til stades på morgonmøte for å informere om studien. Føremålet mitt var å få deltakarar til studien, men på same tid var det viktig at det skulle vere frivillig å delta. Å både ville ha nok deltakarar og ikkje presse dei for mykje på morgonmøta var ei etisk utfordring, og eg måtte ved fleire høve ta stilling til om eg ved å informere om studien på avdelinga la for mykje press på deltakarane.

Då vi skulle ta kontakt med deltakarane før det andre intervjuet, var det tre som ikkje svarte. Eg prøvde å ta kontakt ved tre ulike høve, og viss dei enno ikkje hadde svart, tok eg ikkje kontakt fleire gonger. Alle desse tre gav etter det første intervjuet uttrykk for å ha lyst til å stille opp til eit nytt intervju. Avtalen var at eg først skulle sende ei tekstmelding på telefon og deretter ringe til deltakarane. Då dei ikkje svarte, verken på telefon eller melding, tolka eg det som at dei ikkje ville stille opp til andregongsintervju. I etterkant ser eg at vi burde ha laga tydelegare avtalar med deltakarane om korleis vi skulle ta kontakt med dei før det andre intervjuet.

Å vere samtykkekompetent var eit kriterium for å kunne delta i studien. Dessutan var deltakinga frivillig. Deltakarane fekk både skriftleg (sjå vedlegg 5) og munnleg informasjon om at dei kor tid som helst, og utan at det ville ha konsekvensar for dei eller behandlinga deira, kunne trekke seg frå studien. Ingen av dei som gjennomførte intervju, hadde tilknytning til avdelingane der rekrutteringa av deltakarane gjekk føre seg. Alle samtaler blei tekne opp på band med deltakarane sitt samtykke. Lister med telefonnummer og informasjon om deltakarane blei lagra for seg sjølv på ein sikker server, og det var berre prosjektleiar som hadde tilgang til desse opplysningane. Lydband vil bli sletta etter at prosjektet er avslutta. Alle intervju er transkriberte av prosjektleiar, og pseudoanonymiserte. På denne måten fekk gruppa berre tilgang til intervjutekst. Dei fekk ikkje vite kven deltakaren var. Identifiserande opplysningar som deltakarar nemnde i intervju, blei anonymiserte. Studien er godkjend av REK Vest med saksnummer 2016/30 REKvest (vedlegg 6).

Alle som var med i gruppa, samtykte til og forventet at det skulle vere teieplikt om det som skjedde i gruppa. Teieplikta omfatta både det som kom fram i samtalen i gruppa, og informasjon dei fekk om deltakarane i studien, sjølv om denne var anonym. I tillegg skreiv alle deltakarane i gruppa under på ei erklæring om teieplikt som blei laga spesielt til dette prosjektet (vedlegg 7). Etter kvart intervju hadde eg og den MFE-en som var med på intervjuet, planlagt å ha ei samtale for å gjennomgå intervjuet. Nokre gonger klarte vi å gjennomføre denne samtala. Dette var ekstra viktig dei gongene det var spesielt ømtolige tema som kom fram i intervjusituasjonen, og som gjorde at MFE-en hadde behov for ei samtale. Men vi fekk ikkje alltid like god tid til ein slik gjennomgang, og vi burde ha lagt inn meir tid til refleksjon i etterkant av kvar samtale.

Alle medforskarane har gitt samtykke til at utdrag frå samlingane blir brukte i avhandlinga.

### 3.7 Refleksivitet – personleg – i relasjon og i samarbeid

Refleksivitet er eit berande prinsipp for gjennomføring av kvalitativ forskning, og gjennom dei siste 20 åra har ein utvikla omgrep og kunnskap om korleis dette skal gjerast synleg. Refleksivitet er ei ferdigheit som vi utviklar, ei evne til å legge merke til korleis vi ser på verda rundt oss, andre menneske og handlingar. For å vere refleksive må vi vere merksame på eigne verdiar og velje korleis vi skal bruke desse (Etherington, 2004). Refleksivitet utfordrar tradisjonelle idear om vitskap som favoriserer profesjonell avstand og objektivitet framfor engasjement og subjektivitet (Finlay & Gough, 2003). Dette er ein reiskap som blir brukt for å demonstrere truverdigheit i funn. Ved bruke refleksivitet kan subjektivitet i forskinga snuast frå eit problem til ei moglegheit (Finlay & Gough, 2003). Å utøve refleksivitet fordrar at ein kritisk reflekterer over korleis eigen sosial bakgrunn, eigne føresetnader, eigen posisjon og eiga åtferd påverkar forskinga. Det krev ei anerkjenning av korleis forskarar konstruerer funn. Finlay og Gough (2003) hevdar at vår eigen posisjon vil påverke dei spørsmåla vi stiller, men også dei spørsmåla vi ikkje stiller. Dette vil også gjelde for utvikling av problemstillingar, analyse og måten vi skriv og formidlar funna våre på.

#### 3.7.1 Om mi eiga rolle

Eg er utdanna sjukepleiar og har jobba fleire år ved kirurgisk avdeling. I tillegg har eg lang erfaring som sjukepleiar på ei barneavdeling. I 2011 tok eg til på HVL som lærar på sjukepleiarutdanninga. Sjølv om eg hadde ein solid praksis med meg, hadde eg lite erfaring

med psykiske lidingar. Som privatperson og sjukepleiar har eg nok alltid vore oppteken av, og sett viktigheita av, gode mellommenneskelege møte. Likevel har psykisk helsevern vore eit felt eg har vore litt redd for å jobbe med. Det har vore eit område som eg ikkje heilt har forstått, og eg har nok vore litt redd for å snakke med pasientane når dei hadde problem. I løpet av livet har eg som alle andre møtt motgang, død og sorg, men eg har aldri sjølv erfart å vere behandlingstrengande for psykiske vanskar. Dei einaste gongane eg har vore innlagd som pasient, var for å føde barna mine.

I starten var eg som stipendiat og ny forskar usikker på mi eiga rolle. Eg var redd for reaksjonar hos medforskarane: Kva ville dei reagere på, og kvifor? Og kva skulle eg gjere då? Eg var redd for å såre og støyte – noko som i starten nok førte til at mi eiga stemme kom i bakgrunnen, fordi eg ville ha fram stemmene til dei andre i rommet. I etterkant har eg tenkt at eg kanskje var for demokratisk i starten, men på den andre sida kan det at dei andre stemmene fekk komme så tydeleg fram, ha vore med på å auke deira kjensle av eigarskap til prosjektet. Som stipendiat kjende eg meg tidvis, i alle fall i starten, veldig åleine. Eg kjende eit indre press på at eg måtte overtyde både MFE-ar og MFF-ar om at eg kunne klare dette. Dessutan kjende eg eit stort ansvar for å skape framdrift og for å få alle til å føle seg velkomne og anerkjende i gruppa. Desse tinga kom seg etter kvart som medlemmene i gruppa blei betre kjende, og vi alle framstod meir og meir som dei menneska vi var. Etter dei første samlingane var eg overvelda av alle nye inntrykk, og eg var fysisk og mentalt sliten. Etter kvart som vi blei betre kjende, gav desse samlingane like mykje energi som dei tok.

Etter å ha jobba med samarbeidsbasert forskning i fire år har eg gjort meg nokre tankar om kva som krevst for å få til eit reelt samarbeid i praksis. Eg har mellom anna gjort meg tankar om kven som kan vere med på denne typen forskning. Frå helsemyndigheitene er det eit krav om brukarinvolvering i forskning (Helse- og omsorgsdepartementet, 2014). Det er kanskje rimeleg å stille spørsmål om det lèt seg gjere i alle typar prosjekt, og i kva grad ein skal ha brukarinvolvering. I vårt prosjekt har det vore høg grad av involvering i dei fleste fasane, og det er ikkje sikkert at det er mogleg, eller ønskeleg, å ha like stor grad av involvering i alle prosjekt.

### 3.7.2 Om medforskarane si rolle

I starten på første samling var eg som tidlegare nemnt redd for kven MFE-ane var, og eg var nok meir oppteken av korleis eg kunne/skulle/burde opptre for å unngå å krenke, for å få til

eit samarbeid og for å unngå at dei som var med som medforskarar, blei sjuke. Korleis skulle eg til dømes handtere det dersom ein av dei fekk eit angstanfall? Etter kvart i prosessen lærte vi at vi alle saman først og fremst var menneske som jobba saman om eit felles mål. Men på same tid har eg nok heile vegen kjent på eit ekstra ansvar, spesielt for at MFE-ane skulle ha det bra.

Ein medforskar med eigenerfaring er per definisjon ein person som er der i kraft av sine erfaringar. Mange kan tenke at eigenerfaring må vere den enklaste kompetansen av alle, men dei erfaringane eg har gjort meg desse fire åra, har overtydd meg om at det ikkje nødvendigvis er slik. Mange av medforskarane har uttrykt tvil om erfaringa deira er nok, og i tillegg har mange med seg negative erfaringar som bakgrunn for at dei har valt å vere med å påverke. Det kan sjåast på som eit paradoks at vi har skrive så mykje om å bli sett som eit heilt menneske, og om kor viktig det er å bli sett når ein er innlagd (Eldal, Natvik, Veseth, Davidson, Skjolberg, et al., 2019) når vi på same tid ber om kompetanse på akkurat dette. Korleis er det å vere innlagd (pasient) i psykisk helsevern? Faren kan vere at ein MFE blir redusert til den eigenerfaringa, og at det er denne som blir sett og brukt. Motsett er det også ein fare for at ein MFF berre blir sett på som ein profesjonell fagekspert, og at ein ikkje ser personen bak. I vår gruppe har vi prøvd å løfte fram også andre eigenskapar, dei menneskelege eigenskapane som har gjort at vi har blitt kjende også i kraft av dei personane vi er. Når vi blei betre kjende som personar, kom også fleire av dei eigenskapane som var spesielle for den enkelte, tydelegare fram. Fleire av medforskarane er flinke til å produsere gode tekstar og formidle frå ei scene. Vi har også mange i gruppa som driv med musikk, bakst, kunst og handverk, noko resten av gruppa har nytt godt av. Desse eigenskapane var ikkje tydelege i starten av prosjektet, men etter kvart som vi blei betre kjende som menneske, blei det tydelegare og tydelegare kven den enkelte var som person, og kva ressursar denne personen hadde. Dette er eigenskapar som er med på å forme oss som menneske, og som har påverka gruppa og det samarbeidet vi har hatt.

### 3.7.3. Om likeverd og makt

Før eg tok til i denne stipendiatstillinga, reflekterte eg lite over makt. Eg var ikkje så oppteken av det, og eg forstod nok heller ikkje kva maktposisjon eg som sjukepleiar hadde. Då eg tok til å lese om psykisk helsevern og samarbeidsforskning, oppdaga eg fort at ulik maktbalanse var eit tema som gjekk igjen i både litteratur og forskning (Borg & Kristiansen,

2009a; Moltu et al., 2012; Rose, 2018; Sangill et al., 2019; Wallcraft et al., 2009). Det blir framheva at kunnskap gir makt, og at brukarar med eigenerfaring kan kjenne seg mindre verd enn forskarar med fleire års utdanning.

I forskingslitteratur som omtalar samarbeidsbasert forskning, finn vi ofte utsegn som: «Vi er alle like, alle er like mykje verd.» Happell, Gordon, Bocking, Ellis, Roper, Liggins, Scholz, et al. (2018) argumenterer for å ta ulik maktbalanse på alvor. Ved å seie at «alle er like» kan ein nemleg legge lokk på viktige diskusjonar. Medforskarar kan kjenne seg makteslause når nokon med meir makt hevdar at «vi er like mykje verd». Dette blei veldig tydeleg i vår gruppe når vi skulle på ein felles konferanse om medforskning. På denne konferansen var det samla både medforskarar med eigenerfaring og medforskarar med forskarerfaring/utdanning. På førehand var det bestemt at Åse Skjølberg og eg saman skulle legge fram erfaringar frå samarbeidet vårt på denne konferansen. Vi planla korleis vi skulle dele oppgåvene mellom oss, resten av gruppa var ikkje med på dette møtet. Eg hugsar at Åse sa: «Eg synest det er heilt naturleg at du ber hovudtyngda av dette innlegget, det er berre rart om vi skal seie annakvart ord.» Då vi gjekk på scena, tok eg hovudansvaret for og hovudtyngda i innlegget, og etterpå var vi begge nøgde med arbeidsfordelinga. Eg blei kontakta av forskarkollegaer som sa: «Kari, dette er ditt prosjekt, du kan ta enda meir plass.» Medforskarane i vår eiga gruppe hadde også sine reaksjonar. Dei meinte at Åse kom i bakgrunnen og måtte kjempe for å få ordet. Gjennom heile konferansen hadde det ved fleire høve blitt påpeika at alle er like mykje verd, og at eigenerfaringskunnskap er like viktig som forskarutdanning. Men i praksis kjende medforskarane at deira kompetanse var mindre verd, fordi det i hovudsak var forskarar som stod på scena. Medforskarar var med på scena, men då meir for å «vise fram» samarbeidet. Då Åse og eg stod på scena, blei det ei forsterking av dette inntrykket. Medforskarane følte seg ikkje anerkjende. Dei følte at dei berre var med fordi det var eit krav om brukarinvolvering, men at forskarane eigentleg ikkje ville ha dei der. Dette resulterte i at medforskarane blei frustrerte og skuffa, og reiste frå konferansen med negative kjensler.

Om vi ikkje hadde hatt ein medforskarkoordinator som fanga opp uroa som utvikla seg, hadde eg nok aldri fått vite kva som skjedde i etterkant av innlegget vårt. Åse og eg har arbeidd saman som kollegaer gjennom alle desse fire åra. Vi har hatt faste samtaler kvar måndag, noko vi også har gjennomført i rolegare periodar. Dette innførte vi fordi Åse

opplevde at det var krevjande å vere koordinator i ein liten stillingsprosent, og for å halde prosjektet varmt. Det at vi hadde så tett kontakt og open dialog, førte til at Åse kunne ta dette opp med meg. Noko som igjen førte til at vi saman kunne ha «episoden på konferansen» som eit tema på neste samling. Rett før denne samlinga var eg på eit ph.d.-kurs der vi blant anna lærte om open dialog. Det er ein arbeidsmetode som blir brukt for å få fram stemmene til dei som vanlegvis ikkje blir høyrde, og som framsnakk fleirstemtheit (Seikkula, 2011; Seikkula & Olson, 2003). Eg bestemte meg difor for at vi i gruppa måtte snakke om det som hadde skjedd, og at alle – inkludert meg sjølv – skulle få fortelje om si oppleving av hendinga. Dette blei ei viktig samling, og vi klarte å snakke om desse vanskelege tinga: om makt, om likeverd, om å føle seg anerkjend. Vi har også seinare diskutert same tema, og det er heilt nødvendig. Vi har utvikla oss som gruppe, og nokre ting blir betre, og andre ting kjem til. Det ser ut til at vi aldri kjem heilt i mål, og det skal vi kanskje heller ikkje gjere. Vi må kanskje tole å stå i den usikkerheita som ulik maktbalanse fører med seg. I vårt prosjekt har vi erfart at det å tole å ta opp slike vanskelege tema kan føre oss tettare saman, slik at vi torer å utfordre kvarandre og på den måten redusere kjensla av ulik maktbalanse. Noko som igjen kan føre til at vi kjem eit steg nærmare å kunne forstå kvarandre.



## 4 Presentasjon av artiklane

Målet med studien var å belyse erfaringane til menneske som får behandling ved DPS-sengepost. Funna frå prosjektet blir presenterte i tre ulike artiklar som kvar tek for seg ulike resultat frå dataanalysane.

### 4.1 Artikkell 1

Eldal, K., Natvik, E., Veseth, M., Davidson, L., Skjølberg, Å., Gytri, D., & Moltu, C. (2019). Being recognised as a whole person: A qualitative study of inpatient experience in mental health. *Issues in Mental Health Nursing*, 1-9. doi:10.1080/01612840.2018.1524532

Målet med artikkelen var å belyse kva som ifølgje erfaringane til innlagde pasientar fremmar betring. Artikkelen baserer seg på intervju med 14 deltakarar medan dei var innlagde på sengepost. Hovudfunnet i artikkelen er korleis deltakarane erfarte eigen betringssprosess når dei var innlagde. Deltakarane har behov å bli anerkjende som heile menneske. For å gå i djupna på kva det vil seie å bli sett som eit heilt menneske, presenterer vi to tema frå analysane: (1) anerkjenning av og støtte for eigen identitet, og (2) ambivalensen mellom det å trenge nærleik og distanse. Eit sentralt funn var også at tidlegare erfaringar og tidlegare krenkingar hos pasientane påverka korleis dei tolka og tok imot hjelp når dei var innlagde.

Funna blir diskuterte opp mot gjeldande forskning både innanfor recovery-orientert praksis og behandling på sengepost. Artikkelen peikar på korleis pasienthistorier gir sjukepleiarar unike moglegheiter til å diskutere og reflektere over eigen praksis i møte med sårbar menneske. Det å styrke brukarmedverknad, styrke pasientanes egne ressursar og normalisere kan sjå ut til å hjelpe i møte med sårbar menneske.

## 4.2 Artikkel 2

Eldal, K., Veseth, M., Natvik, E., Davidson, L., Skjølberg, Å., Gytri, D., & Moltu, C. (2019). Contradictory experiences of safety and shame in inpatient mental health practice – a qualitative study. *Scandinavian Journal of Caring Sciences*. DOI:10.1111/scs.12674

Artikkelen er basert på 14 intervju med deltakarane medan dei var innlagde på sengepost, samt intervju med 11 av dei same deltakarane om lag tre månader etter utskriving. Målet med artikkelen var å utforske korleis pasientar erfarer noverande behandling på sengepost. Artikkelen presenterer to hovudtema: (1) ein stad der det er trygt å vere sårbar, og (2) byrda av stigma og dehumanisering. Eit gjennomgåande funn var at dersom deltakarane hadde positive erfaringar med innlegging medan dei var innlagde, var dette også erfaringa etter tre månader. Og motsett: Dersom dei hadde negative erfaringar medan dei var innlagde, var det den same erfaringa som gjaldt etter tre månader.

Funna blir diskuterte opp mot tidlegare forskning som blant anna syner at det å bli snakka til på ein nedsettande måte, og det å ikkje få lov til å snakke om sin eigen situasjon, kan føre til ei auka kjensle av skam. Recovery-orienterte praksisar og opne dialogar kan bidra til å utvikle arbeidsmetodar tufta på samarbeid og refleksivitet.

### 4.3 Artikkel 3


Eldal, K., Natvik, E., Veseth, M., Davidson, L., & Moltu, C. (2019). From the (dis)comfort of one's own home: patients' experiences of hospitalization after discharge. Accepted: In *Journal of Psychosocial Rehabilitation and Mental Health*

Funna i den tredje artikkelen baserer seg på intervju med 11 deltakarar om lag tre månader etter utskrivning frå sengepost. Føremålet var å sjå på korleis deltakarane erfarte innlegginga då dei såg tilbake på ho etter tre månader. Tre hovudtema har peika seg ut som essensielle i denne artikkelen: 1) ein pause frå alt der ute, 2) eit sikkerheitsnett som tek imot meg om eg fell, og 3) frå å bli passa på til å klare seg sjølv. Alle deltakarane hadde positive erfaringar med innleggingane, og alle deltakarane framheva at det å møte andre, snakke med andre, få på plass rutinar samt ha eit aktivitetstilbod var viktig for eiga betring. Overgangen frå å vere innlagd og trygg til å komme heim – og ha alt ansvar sjølv – var for mange stor, og vegen tilbake til gamle mønster var kort.

Funna blir diskuterte opp mot tidlegare forskning på området og konkluderer med at nokre menneske av og til treng ei innlegging. Det å støtte opp under pasientens egne ressursar under innlegginga og støtte pasientane i kvardagen heime blir då av stor betydning. Einsemd var for desse deltakarane ein vesentleg del av det heile, og det å få hjelp til å komme seg ut av einsemd kan vere eit av dei viktigaste enkelttiltaka.

## 5 Diskusjon

I denne diskusjonen vil eg sjå på kva som er bra med ei innlegging. Eg vil også drøfte kva som kan vere utfordrande med ei innlegging. Funna våre syner at det å vere innlagd kunne gi deltakarane motstridande kjensler. Det var godt og vondt på same tid (figur 1). Diskusjonen vil ta for seg desse temaa: 1. Kva inneber det å bli sett som eit heilt menneske? 2. Miljøet på ei avdeling. 3. Motsetningsfylte forventingar. 4. Kva prosessar på sengepost kan hindre betring? 5. Betring – ein sosial prosess? 6. Utskriven, kva no? 7. Implikasjonar for praksis. 8. Styrkar og svakheiter ved studien.



Figur 1. Ei oversikt over hovudtemaa i artikkane.

### 5.1 Kva inneber det å bli sett som eit heilt menneske?

Mange snakkar om å bli sett, men få gir grundige forklaringar av kva dette betyr. For meg var det litt overraskande at det å bli sett var det første deltakarane oppgav som viktig for deira betring. Overraskande fordi eg oppfatta det å bli sett som grunnleggande. Eg tok det for gitt og tenkte det var sjølv sagt at pasientar opplevde det. At pasientar ønsker at ein ser, høyrer og respekterer dei som menneske, blir også framheva i fleire studiar (Bacha, Hanley, & Winter, 2019; Brekke, Lien, & Biong, 2018; Gjengedal et al., 2019; Rise, Westerlund, Bjorgen, & Steinsbekk, 2014; Shevellar & Barringham, 2016).

I den første artikkelen går vi djupare inn i kva det vil seie å bli sett (Eldal, Natvik, Veseth, Davidson, Skjolberg, et al., 2019). Å bli sett som eit heilt menneske handlar for deltakarane våre om noko meir enn å bli sett som ein fysisk person som møter opp til morgonmøte på avdelinga. I staden handlar det om å bli sett på som ein person med egne tankar og interesser. Det handlar om å bli møtt med anerkjenning som den personen ein er når ein er på avdelinga, men også med anerkjenning av at ein har eit liv utanom det å ha ei psykisk lidning. Nokre av deltakarane i studien vår uttalte at dei forstod at det kunne vere vanskeleg for personalet å sjå ressursane deira når dei hadde tydelege symptom. Dei framheva at det var nettopp når dei var dårlege, at dei hadde ekstra behov for å bli sett som den dei var, og for at personalet såg forbi symptom og diagnosar. Deltakarane hadde behov for å føre vanlege samtaler som handla om andre ting enn berre det praktiske på avdelinga. At personalet viste interesse for dei og klarte å syne deltakarane at dei var ekte, normale menneske som det var interessant å snakke med, bidrog til at også deltakarane sjølv kjende seg som heile menneske. Det å bli møtt med interesse, ekte innleving, varme og eit godt blikk – og det at personalet strekte seg litt ekstra for å gjere ting som fekk dei til å føle at dei var verd noko – var av stor betydning for deltakarane.

I ein studie der Larsen og Terkelsen (2014) gjorde kvalitative intervju med både tilsette og pasientar, fann dei at tilsette som lytta til og brydde seg om pasientane som normale menneske, såg ut til å vere meir empatiske i møte med pasientane. At personalet gjer noko meir enn det som er forventa av dei, fører til at relasjonane blir meir som «normale møte» framfor eit typisk sjukepleiar–pasient-møte. Dette ser ut til å bidra til betring (Borg & Kristiansen, 2009b). Liknande funn gjorde vi i vår studie. Deltakarane delte historier om når dei tilsette gjorde noko som var spesielt for akkurat dei. Det trengte ikkje å

vere ein stor ting, men ein liten gest som synleggjorde at helsepersonellet såg på dei som viktige. Slike gestar kunne vere at personalet kom inn på rommet for å prate litt, eller at dei hadde lagt merke til at deltakaren hadde trekt seg tilbake. At personalet kom med ei lita ekstra oppmuntring i form av tid, ein kaffikopp eller eit blikk, var spesielt viktig. Desse episodane blei hugsa, og deltakarane gjentok dei same historiene i begge intervju. Slike episodar blei fortalde som gode minner, og noko som hjelpte dei til å bli betre. Historia i den første artikkelen om sjukepleiaren som kom inn med eit lite kakestykke, er eit slikt døme (Eldal, Natvik, Veseth, Davidson, Skjolberg, et al., 2019). Ein annan deltakar la vekt på at det var godt å kjenne seg velkommen på avdelinga. At personalet sa dei syntest det var kjekt at han var der. Det at slike små gestar, eller mikrostadfestingar, er viktige for menneske med psykiske lidingar, er også omtalt i andre studiar. Desse små stadfestingane er ofte spontane i møte mellom menneske, og dei oppstår gjerne mellom menneske som likar kvarandre. Dei gir menneske betre sjølvkjensle og håp om betring (Davidson & Johnson, 2013; Topor, Boe, & Larsen, 2018; Topor, von Greiff, & Skogens, 2019). Slike handlingar ser ut til å vere ei understreking av at «eg ser deg, eg ser kva som er viktig for deg, og du er viktig», og er dermed ei stadfesting på at du er verd noko, og at andre har lyst å vere i lag med deg.

At personalet gjer noko som ein elles ikkje tenker høyrer til ekspertrolla, ser ut til å ha spesiell betyding for pasientane si betring (Topor et al., 2018; Topor et al., 2019). Hopkins, Loeb, og Fick (2009) har gjort ein litteraturgjennomgang der dei undersøkte pasienterfaringar, pasientsyn og pasientanes forventingar til inneliggande behandling. Forfattarane fann at pasientane treng personale som har evne til å sjå bak pasienten si lidning, som riv ned fysiske barrierar ved å opne opp vindauge og dører, og som bruker tida si saman med pasientane. I denne litteraturgjennomgangen fann dei at det hjelpte å bli aktivisert med normale gjeremål og å diskutere det som skjedde på nyheitene og elles i verda. Dette fann vi også i vår studie. Ei ung kvinne la vekt på at ho trengte å kjenne seg vanleg. Personalet med lang utdanning fekk ho til å kjenne seg mindre verd enn dei utan helsefagleg utdanning. Denne kvinna knytte ekstra kontakt med dei av personalet som hadde mindre utdanning, og som jobba med andre ting enn «pleiepersonalet», til dømes dei som jobba på treningsavdelinga. Med dei kunne ho snakke om vanlege tema, og ho følte også at ho kunne lære dei noko. Saman gjorde dei normale aktivitetar som kunne minne ho på at ho var eit likeverdige og normalt menneske sjølv om ho var innlagd i psykisk helsevern.

Mangel på slike vanlege aktivitetar og omgangsformer kunne derimot forsterke kjensla av å vere unormal. Det kunne føre til at ho kjende seg meir som ein ting, meir som ein diagnose enn som ein ekte person med ekte interesser. Det kan kjennast dehumaniserande å bli forstått som ein diagnose, som eit objekt for behandling, og ikkje som eit ekte menneske.

Fleire studiar framhevar at forholdet mellom helsepersonell og pasient er spesielt viktig i betringssprossar (Delaney, Shattell, & Johnson, 2017; Denhov & Topor, 2012; Molin, Graneheim, & Lindgren, 2016; Wiechula et al., 2016; Wyder, Bland, Blythe, Matarasso, & Crompton, 2015). Men sjølv om vi har mykje kunnskap om betydninga av gode relasjonar, er det interessant at det første alle deltakarane tok opp, var nettopp viktigheita av å bli sett. Det er rimeleg å tenke at menneske med psykiske lidningar har eit ekstra behov for gode møte med hjelpearar. Hos menneske med psykoseerfaring kan ein til dømes sjå at noko av det mest skremmande er å ikkje lenger kjenne seg som ein ekte person (Lauveng, 2013; Møller, 2018). Det å bli oversett og oppleve at berre symptoma, ikkje heile personen, blir tekne på alvor, kan såleis forsterke kjensla av å vere ein ikkje-person eller av å ikkje vere verd noko.

I førebuingssfasane til prosjektet framheva medforskarane sterkt at dei ikkje ville bli sett på som ein diagnose. Dei ville bli sett på som seg sjølv. Det er forståeleg, men eg hadde vanskar med å forstå kvifor dette behovet var så sterkt hos dei, og at dette var eit tema dei var så opptekne av. Det var Åse Skjølberg som hjelpte meg med å forstå kva dei meinte. Åse og eg reiste på ein internasjonal konferanse der vi saman skulle halde innlegg. I forkant var eg nervøs, noko dei som var rundt meg, fekk merke. Då seier Åse: «Når Kari er nervøs og spent, blir det sett på som ein naturleg reaksjon, men om eg hadde vore like nervøs, hadde det blitt sett på som eit symptom på sjukdommen min.» Eg kjende at viss nokon hadde tolka nervøsiteten min som eit symptom på ei lidning, ville eg følt meg misforstått og dermed makteslaus. Dette er eit døme på at det å bli forklart ting ikkje alltid er nok. I dette tilfellet måtte eg prøve å sette meg inn i korleis det ville vore viss mi eiga åtferd i ein gitt situasjon hadde blitt tolka som eit symptom, og at normale reaksjonar dermed kunne blitt tolka som unormale. Det vil seie at to ulike personar – ein med diagnose og ein utan – kan utføre same handlinga, men at omgivingane tolkar handlinga ulikt fordi den eine personen har ei psykisk lidning, og den andre ikkje. I lys av dette kan ein forstå tendensen til å skjule psykisk lidning for omgivingane.

Det å bli sett handlar om noko meir enn at nokon ser deg reint fysisk. Det handlar om at nokon syner interesse for deg som person og engasjerer seg i deg. Eit tiltak som hjelper, er å møte personale som deler litt av seg sjølv. At nokon gjennom små gestar tek seg tid til å gjere noko spesielt for deg. Det handlar om stadfesting og anerkjenning av den du er. Å bli sett betyr at andre ser forbi symptom og diagnoser, at dei får eit glimt av den personen som er «der inne», og at dei ikkje tolkar normale reaksjonar som unormale.

## 5.2 Miljøet på ei avdeling

I ein studie utforska Molin et al. (2016) kvardagen innanfor psykisk helsevern ved å spørje om pasienterfaringar. Dei fann at kvaliteten på samspelet mellom pasient og helsepersonell påverka kvardagen på avdelinga. Det å ha tillitsfulle interaksjonar gjorde opp for eit elles dårleg miljø og forvirrande omsorgsinnhald. Dersom samspelet var fråverande, var dette med på å forsterke eit stigmatiserande miljø. For ein pasient kunne utilfredsstillande samspel med personalet føre til sinne, noko som svekte humøret og kunne medføre sjølvskading. Eit hyggeleg miljø kunne fremme kjensla av å vere trygg, noko som bidrog til raskare betring. Dårlig struktur og mangel på aktivitetar på avdelinga førte til mykje venting for pasientane. Gode rutinar og aktivitetar saman med personalet var viktige for betring. Også i vår studie framheva deltakarane samspelet saman med personalet. Spesielt det at personalet tok seg tid til å vere saman med dei, førte til at deltakarane kjende seg sett og verdifulle (Eldal, Natvik, Veseth, Davidson, Skjølberg, et al., 2019). Ein mannleg deltakar delte sine tankar om dette med å vere saman med personalet. Han sakna at personalet tok seg tid til å prate litt, sjå på tv eller spele spel saman med han og dei andre pasientane. Dette kan bety at det som var viktigast for deltakarane, var at personalet brukte tida si med dei. Det kunne føre til at dei kjende seg trygge, noko som i sin tur kunne føre til raskare betring.

Mancini, Hardiman og Lawson (2005) framhevar at det er viktig at helsepersonell støttar menneske med eigenerfaring i å ta kontroll over si eiga betring. Det krev at helsepersonellet trer tilbake frå det hierarkiske profesjonelle forholdet og lèt pasienten som person få sleppe til. Det å stille spørsmål som «Kva er viktig for deg?» og «Kva treng du?» viser engasjement og interesse for pasienten. På alle avdelingar var det fellesaktivitetar for tilsette og pasientar. Døme på slike aktivitetar var turgåing, spel og treningstilbod. Dei fleste deltakarane fann desse aktivitetane nyttige og meinte det var noko alle burde vere med på.



Men det var også døme på det motsette: Ei kvinne som hadde vore innlagd ved fleire høve, påpeika at det var unaturleg å gjere ting som ho eigentleg ikkje var interessert i til vanleg. Denne kvinna hadde i vaksen alder vore innlagd fleire gonger på ulike stader, og ho hadde etter kvart funne ut kva som hjalp og ikkje hjalp ho i betringsprosessen. Og det å ta del i «påtvinga» fellesaktivitet var til hinder for betring hennar. Andre erfarte at personalet var med dei som støtte når dei øvde på kvardagslege gjeremål med mål om at dei skulle meistre kvardagen heime.

Aktivitetar er eit strukturelt viktig miljøtiltak (Olkowska & Landmark, 2016). Reglane på avdelingane er eit anna miljøtiltak som er laga for å skape føreseielegheit og struktur. I vår studie var det store skilnader på korleis deltakarane såg på reglane på avdelinga. For nokre av deltakarane var reglane gode å ha. Dei skapte føreseielegheit, og nokre syntest reglane var fornuftige. For andre bar reglane preg av kontroll og manglande medverknad. Nokre oppfatta reglane som mas. Dei følte det låg ei forventning om at dei burde møte opp, fordi dei ved å vere innlagde hadde «meldt seg på» eit opplegg dei måtte følge sjølv om dei ikkje følte at det var det dei trengte.

Det å få snakke om problema sine blir framheva som noko som fremmar betring (Brown & Windt-Val, 2016; Nurser, Rushworth, Shakespeare, & Williams, 2018; Seikkula, 2011). Dette fann vi også hos våre deltakarar. Fleire framheva at det å vere saman med andre og delta i samtale med andre ein viktig del av det å vere innlagd. Spesielt samtalene hjalp dei til å forstå seg sjølv betre og til å meistre kvardagen heime. Det å forstå eigen situasjon og eige reaksjonsmønster – og få luften tankane sine med nokon utanfor familien – var ein viktig del av betringsprosessen. Fleire av deltakarane ville verne eigen familie, og dei la vekt på at det var godt å snakke med personale eller medpasientar som dei stolte på.

Ulike miljøretta tiltak kan vere til hjelp for menneske som er innlagde, men slike aktivitetar kan for andre vere til hinder for betring. Det å få snakke om problema sine ser ut til å hjelpe. Kven ein snakkar med, ser ut til å bety mindre så lenge relasjonen er god. Det ser også ut til at støttande forhold som håp, meningsfulle aktivitetar, tilgang på alternativ og standard behandling fremma betring for enkelte, medan andre trengte ei meir individuelt tilpassa tilnærming.

### 5.3 Motsetningsfylte forventingar

På ein sengepost kan motsetningsfylte forventingar komme i konflikt med kvarandre. Pasientane skal observerast, dei skal medverke, det skal vere trygt på avdelinga, og på same tid har pasientane rett til eit privatliv. Når ein snakkar om tryggleik innanfor helsetenesta, handlar det ofte om pasienttryggleik, kvalitetssikring og kvalitetsforbetring (Hall, Moore, & Barnsteiner, 2008). Tryggleik i sjukepleie inneber å beskytte pasientar frå skade som skuldast uønskete hendingar som medisinske feil, dårleg kommunikasjon, utilstrekkeleg personale eller for dårleg opplæring (Sherwood, 2015). Pasienttryggleik blir også sett på som ei fysisk og psykososial plikt, og det er eit nøkkelområde når det gjeld inneliggande behandling i psykisk helsevern (Delaney & Johnson, 2008). Å skape psykososial tryggleik kan motverke at pasientar kjenner seg dehumaniserte, makteslause og umyndiggjorde (Lilja & Hellzen, 2008; Shattell, Andes, & Thomas, 2008).

Barnicot et al. (2017) gjorde kvalitative intervju med pasientar og tilsette på sengepost i psykisk helsevern. Målet var å utforske korleis tilsette og pasientar opplevde det å måtte balansere privatliv og tryggleik når pasientane skulle både medverke og observerast på same tid. Eit stabilt og støttande personale blei framheva som viktig for å legge til rette for medverknad. I den andre artikkelen i avhandlinga kjem behovet for å kjenne seg trygg i ei innlegging tydeleg fram (Eldal, Veseth, et al., 2019). Det var gjennomgåande at deltakarane kjende seg trygge når dei var innlagde, og fleire sa også at dei var tryggare på avdelinga enn dei var heime. Å kjenne seg trygg kan sjåast i samanheng med eit av dei miljøterapeutiske tiltaka, som er å beskytte pasienten (Gundersen, 1978). I studien vår fann vi at alle hadde ulike behov. Nokre trengte distanse til andre pasientar, andre søkte fellesskap, og atter andre trengte pause frå eit hektisk liv utanfor avdelinga. Når menneske med så ulike behov er innlagde på same avdeling, vil det også krevje ulik tilnærming til den enkelte. Dette kan skape utfordringar. Det var til dømes ikkje lov til å ha private samtaler på fellesrommet. For nokre av deltakarane var denne regelen viktig og førte til at det var trygt å vere på fellesområdet. Den same regelen fekk andre deltakarar til å kjenne seg mindreverdige ved at personalet kunne bestemme kva dei fekk lov til å snakke om. For nokre førte denne regelen til at dei følte at personalet såg ned på dei, og at personalet meinte dei ikkje var i stand til sjølv å vurdere kva som var rett å dele eller ikkje. Andre deltakarar «heva seg over» denne

regelen og sa at pasientane brukte å bryte regelen når dei til dømes var på røykerommet. Dei uttrykte at det var god hjelp i samtaler med medpasientar.

I diskusjonen over ser vi at dei tiltaka som er med på å trygge pasientane på avdelinga, også kan vere med på å skape avstand mellom personale og pasientar. Allie, Emily og Vicky (2017) har analysert diskursen rundt omgrepet tryggleik og funne at innanfor psykisk helsevern blir tryggleik sett på som ein overordna verdi, og at risikostyring er hjørnesteinen i sjukepleia. For sjukepleiarar som arbeider innanfor psykisk helsevern, rammar tryggleiksdiskursen omsorgstilbodet. Diskursen påverka korleis helsearbeidarar identifiserte risikoen som pasientane stod i, og dermed også omsorga og tiltaka som blei nytta for å handtere risikoen. Sjølv om tryggleik tilsynelatande er ein gunstig verdi, viste han seg å vere forankra i frykt, stigmatisering og ei historie med institusjonalisering. For å skape eit miljø som blir oppfatta som trygt for pasientane, er det viktig med fleksible tilsette som engasjerer seg i den enkelte (Slemon et al., 2017).

Det er ikkje berre pasientane som har behov for å kjenne seg trygge på avdelinga. Fleire studiar peikar på at personalet også kan kjenne seg utrygge, og frykt hos personalet kan hemme personalets evne til å skape gode relasjonar til pasientane (Barnicot et al., 2017; Blacker, Kurtz, & Goodwin, 2017; Gilbert, Rose, & Slade, 2008; Looi Rpn, Gabrielsson, Savenstedt, & Zingmark, 2014; Slemon et al., 2017). Dei av deltakarane i vår studie som reagerte på tryggleikstiltaka, følte at dersom dei tok til motmæle mot personalet, blei tiltaka berre strengare og strengare (Eldal, Veseth, et al., 2019). I slike situasjonar reagerte enkelte med å trekke seg tilbake eller med å bli sinte og frustrerte. Andre reagerte med å kjenne seg audmjuka og makteslause. Det at eit miljø som er konstruert for tryggleik, kan gi menneske med psykiske lidingar ubehag og ei kjensle av å bli møtt på ein stigmatiserande måte, finn vi også i andre studiar (Molin et al., 2016). Dei fleste deltakarane syntest likevel at reglane og tiltaka på avdelinga var rimelege, og fann seg godt til rette ved institusjonen.

Dei tiltaka som skal trygge pasientane, kan også vere med på å umyndiggjere dei. Tiltak som blir sette i verk for at pasientar skal kjenne seg trygge, kan komme i konflikt med retten til privatliv og til medverknad, og kan blant anna føre til at pasientane blir irriterte og frustrerte.

## 5.4 Kva prosessar på sengepost kan hindre betring?

Vi har no sett på kva det vil seie å vere eit heilt menneske, miljøet på avdelinga og motsetningsfylte forventingar. I den vidare diskusjonen vil eg gå nærmare inn på prosessar på sengepost som kan hindre betring.

### 5.4.1 Manglande medverknad

Recovery handlar om å få høve til å ta eigne val – av og til kloke, andre gonger ukloke. Deegan (2005) framhevar at recovery handlar om å forstå at personar som har ei psykisk lidning, er menneske som kan snakke for seg sjølv, og at dei har ei stemme som dei kan lære å bruke. Dei har rett til å bli høyrte og lytta til, og til å medverke. I staden for å vere passive tilskodarar eller mottakarar kan dei bli ekspertar på sitt eige liv og si eiga betring. Alle må få sjansen til å finne ut kva som verkar for dei, og dei må få lov til å gjere feil, fleire gonger. Helsearbeidarane si rolle blir å tole sjå på at personen risikerer å gjere feil, og vere der som ei støtte (Deegan, 2005). Ved å anerkjenne eit anna menneske som eit heilt menneske må ein også anerkjenne at vedkommande kan ta val som eksperten er ueinig i. Det å fokusere på medverknad handlar om å myndiggjere personar med psykiske lidningar, slik at dei kan finne og øve opp si eiga stemme både i si eiga behandling og i sitt eige liv (Tanaka & Davidson, 2017). Menneske som kjenner seg makteslause, kan føle at det dei seier, ikkje betyr noko. Helsearbeidarar kan dele makt ved å gi informasjon. Sjukepleiarar har posisjon og makt til å kontrollere kva informasjon pasientane får, medan pasientane er avhengige av å få informasjon og støtte/hjelp frå andre (Gabrielsson, Looi, Zingmark, & Savenstedt, 2014). At pasientar med psykiske lidningar får god informasjon om lidinga og aktuell behandling, kan vere viktig for sjølvkjensla deira og bidra til / styrke meistring (Deegan, 2005).

Mancini et al. (2005) har funne at tvang, biverknader av medisinar samt eit paternalistisk, likegyldig eller dømmande personale kunne vere til hinder for recovery. Waldemar et al. (2016) har gjort ein litteraturgjennomgang om recovery-orienterte praksisar på sengepost og blant anna funne skildringar av dårleg kommunikasjon samt mangel på samarbeid og pasientinvolvering mellom pasientar og tilsette. Dette er interessante funn. I vår studie såg vi òg manglande brukarmedverknad, men det tankevekkande er at det kunne sjå ut til at deltakarane ikkje var klar over at dei kunne medverke. Dei var ikkje klar over at deira stemme var viktig og verd å lytte til. Om det betyr at deltakarane ikkje visste kva medverknad var, eller at dei ikkje fekk moglegheit til å medverke, kan vi ut frå vår studie

ikkje seie noko om. I Waldemar et al. (2016) sin litteraturgjennomgang var eit av helsearbeidarane sine argument for å ikkje involvere brukarar at dei ikkje ville overvelde pasientane med for mykje snakk om omsorgsplanar. Helsearbeidarane bestemte kva informasjon pasientane skulle få, og dermed tok dei vekk brukaranes moglegheit til å medverke. For å kunne ta avgjersler om seg sjølv og si eiga helse må ein ha kunnskap og informasjon. Utan informasjon er det vanskeleg for pasientane å medverke. Pasienten kan då opplevast som lite engasjert og/eller ute av stand til å medverke i eiga behandling (Deegan, 2005). I ein litteraturgjennomgang undersøkte ein om det at personane sjølv hadde hatt medverknad når det gjaldt å bestemme over eige tenestetilbod, hadde noko å seie for om dei nytta seg av tilbodet (Davidson, Roe, et al., 2012). Eit av hovudfunna var at når pasientar fekk ulike val om eige omsorgstilbod, var det større sannsyn for at dei engasjerte seg i behandlinga. Dei fann at pasientane då var meir villige til å prøve ut ulike tiltak, og at dei hadde større sjanse til å lukkast.

I ein observasjonsstudie som såg på avdelingskulturar innanfor psykisk helsevern, fann ein at helsearbeidarane viste usikkerheit når det gjaldt ansvarsfordeling, rollefordeling og medverknadsprosessar (Blacker et al., 2017). Jacob, Munro, Taylor og Griffiths (2017) har gjort ein litteraturgjennomgang om recovery innan psykisk helsevern og funne at det var ulike haldningar til recovery blant brukarar og helsepersonell. Helsepersonell hadde i liten grad kunnskap om kva recovery var. For å få til ei handlings-/kulturendring der helsepersonell samarbeider med brukarar, treng helsepersonellet å auke kunnskapen om recovery. Ein må difor satse på utdanning av helsepersonell. Behovet for ei kulturendring, samt for å auke kunnskapen om brukarmedverknad og recovery hos helsepersonell, blir framheva av fleire (Gabrielsson, Savenstedt, & Zingmark, 2015; Joergensen & Praestegaard, 2018; Kortteisto T & Laitila M; Looi Rpn et al., 2014; McKenna et al., 2014; Pals & Hempler, 2018; Storm & Edwards, 2013).

Viss ein fokuserer på å auke kunnskapen om medverknadsprosessar, skjer det endringar. (Bennetts, Cross, & Bloomer, 2011; Byrne, Stratford, & Davidson, 2018). Brukarmedverknad kan vere vanskeleg å få til, fordi det utfordrar maktbalansen mellom brukarar og profesjonelle, men kjennskap til brukarmedverknad og lang arbeidserfaring ser ut til å redusere motstanden mot brukarmedverknad (Rise et al., 2013). Davidson et al. (2016) hevdar at ein nøkkel til recovery er at helsearbeidarane støttar pasientens eigne

forsøk på betring, og at dei anerkjenner at pasientautonomi er eit kjerneelement. Eit anna verkemiddel kan vere å rekruttere menneske med eigenerfaring til leiande stillingar (Byrne et al., 2018). Sjølv om fleire studiar peikar på at det er utfordringar ved recovery-orientering og brukarmedverknad, ser ein også at ein ved å auke kunnskapen og fokusere på brukarmedverknad vil oppnå høgare grad av brukarinvolvering. I ein tidlegare omtalt studie av Rise og Steinsbekk (2016), der dei implementerte ein utviklingsplan for å auke brukarane si deltaking innanfor psykisk helsevern, fann dei at brukarmedverknad kan aukast, men at det tek tid.

Den biomedisinske diskursen har vore dominerande innanfor psykisk helsevern, men vi ser no ei dreining mot ei meir humanistisk tilnærming. Bennetts et al. (2011) hevdar at paternalistiske haldingar er til hinder for brukarmedverknad og er meir dominante på sengepost enn dei er i kommunehelsetenesta. Dette synet får støtte frå Joergensen og Praestegaard (2018), som har gjort ein diskursanalyse av brukarmedverknad innanfor psykisk helsevern i Danmark. Dei fann at det blei lagt meir vekt på den biomedisinske og paternalistiske diskursen enn på den etiske. Sjukepleiarane sjonglerer mellom ein standardisert struktur, biomedisinske termar og krevjande pasientmøte og årsaksforklaringar når dei noterer observasjonar og vurderingar. I studien fann Joergensen og Praestegaard (2018) at sjukepleiarar jobbar for å møte den enkelte pasient på individnivå, men prøver å skjule dette. Dette kan tyde på usikkerheit på framgangsmåten, og på om brukarmedverknad er det rette innanfor psykisk helsevern. Pilgrim (2018) stiller spørsmål om det er mogleg å skape ei helseteneste som er både vennleg og effektiv, innanfor psykisk helsevern. I seinare år ser vi at det har komme ulike alternativ til den biomedisinske tankegangen, og vi ser auka grad av brukarinvolvering i utvikling av nye tenester og rammeverk. Eit døme er studien til Bacha, Hanley og Winter (2019), som hevdar at innanfor psykisk helsevern må ein endre fokus, slik at det blir meir omsorg og mindre kontroll. Personalet bør regelmessig reflektere over makt, tryggleik og identitet med mål om å auke kvaliteten på helsetenesta, og dermed skape ei meir humanistisk tilnærming til behandling i psykisk helsevern. Eit anna døme er Johnstone et al. (2018), som hevdar at i staden for å fokusere på kva som er gale med ein person, kan ein sette søkelyset på kva vedkommande har opplevd i livet. Forfattarane har utvikla eit rammeverk (The Power Treat Meaning Framework) med verktøy for å identifisere mønster i kjenslemessig stress, uvanlege

erfaringar og uroleg oppførsel. Dette er eit forsøk på å finne alternativ til diagnosemodellen innanfor psykisk helsevern.

Medverknad blir presentert som noko alle vil ha – ikkje som ei moglegheit, men som ein rett og ei plikt. Ifølgje Joergensen og Praestegaard (2018) er det lite refleksjon rundt erfaringane med at menneske med psykiske lidningar kan vere for sjuke til å medverke. Har dei kapasitet til noko anna enn å halde ut lidningane, kjempe mot symptom og halde seg i live? I vår studie fann vi at det av og til er godt å bli verna og passa på når ein er i ein sårbar fase. Spørsmålet blir om behovet for tryggleik og hjelp frå andre kan foreinast med retten til og kravet om medverknad. I alle artiklane i vår studie (Eldal, Natvik, Veseth, Davidson, & Moltu, 2019; Eldal, Natvik, Veseth, Davidson, Skjolberg, et al., 2019; Eldal, Veseth, et al., 2019) kjem det tydeleg fram at måten ein blir møtt på, er ein avgjerande faktor for korleis ein kjenner seg som person, og dermed kva som fremmar betring ved inneliggande behandling. Sjølv om ein person kan vere for sjuk til å delta aktivt, er det viktig at helsearbeidarar likevel inviterer pasienten til brukarmedverknad ved å spørje pasienten i staden for å anta at dei veit svaret. Deltakarar sakna at personalet spurde dei og var nysgjerrige på korleis dei ville ha det. Det ser ut til at det ofte blir teke for gitt at ein veit kva pasienten treng, og kva som er pasientens beste. Av og til kan det kanskje vere godt for pasientane at andre tek ansvar, spesielt når dei er på sitt mest sårbare, men det er viktig at pasientane heile tida får moglegheit til å bli involverte når dei er klare for det. Dette krev at relasjonen er prega av tillit, og at helsearbeidarane spør pasientane kva dei treng, og evnar å støtte pasientane på ein slik måte at dei klarer å medverke når dei er klare for det.

Davidson (2012) argumenterer for at recovery-orienterte praksisar ikkje står i motsetning til at helsepersonell må ta over styringa for pasienten i akutte situasjonar. Ifølgje Davidson (2012) må helsepersonell av og til nytte tvang i akutte situasjonar anten for pasientens tryggleik, for samfunnets tryggleik eller begge delar. Vidare hevdar han at sjølv om slike intervensjonar av og til er nødvendige, kan dei gjennomførast på ein respektfull måte, slik at pasienten beheld verdigheita si. I vår studie har vi ikkje sett på tvang, og diskusjonen skal ikkje omhandle tvang, men prinsippet om respekt for og anerkjenning av den andre vil gjelde i alle situasjonar, og spesielt innanfor eit fagfelt der det er glidande overgangar mellom bruk og fråvær av tvang.

Som tidlegare nemnt tek helsearbeidarar avgjersler og bestemmer kva informasjon som er overveldande for pasienten (Waldemar et al., 2016). Mange vil nok påstå at det å ta slike avgjersler høyrer til det å vere fagekspert (Davidson et al., 2006). Dersom vi snur litt på dette, kan ein også tenke at i staden for å beskytte pasienten kan dette tvert imot bidra til å svekke pasientens autonomi og rett til å medverke. I eit recovery-perspektiv ville pasienten sjølv bestemt om informasjonen er for overveldande. Det kan godt tenkast at pasienten ville syntest det blei for mykje, men då ville i alle fall pasienten fått medverke ved å seie at dette må de ta stilling til, dette er for mykje for meg no. Det å overbeskytte pasientane på ein slik velmeinande måte kan difor vere med på å oppretthalde både skam og stigma hos denne pasientgruppa (Davidson, 2006). Betring handlar om levde liv, om å finne måtar å handtere plagene sine på. Dermed vil ikkje helsepersonell kunne bestemme kva som er rett for den enkelte (Veseth, 2014).

Manglande medverknad, manglande relasjonar, ulik maktbalanse, tvang eller trussel om tvang kan saman med ei for dominant biomedisinsk tilnærming vere til hinder for betring ved ei innlegging.

#### 5.4.2 Skam

Skamma kan vere sunn så lenge ho vernar oss og andre mot krenkingar, men ho blir usunn når vernet blir så sterkt at vi vender oss vekk frå fellesskapet. Skambasert tilbaketrekking frå menneskelege fellesskap kan ha alvorlege konsekvensar og er for mange knytt til aukande bruk av medisinar og rusmiddel, og dermed til ein vond spiral (Farstad, 2016).

Sårbarheitsskam handlar om at vi er sårbare og avhengige menneske, at vi er avhengige av kjærleik, fellesskap, stadfesting og tilhøyrse. Denne forma for skam kan til ein viss grad knytast til erfaringane med å vere eit subjekt. Det kan også handle om å ikkje leve opp til ideala, eller om å skape rettkomen eller urettkomen skuffelse hos seg sjølv eller andre, noko som kan påverke sjølvbildet og sosiale relasjonar (Farstad, 2016). Denne forma for skam synest å vere spesielt knytt til funna i denne avhandlinga. Fleire av deltakarane delte ei erfaring og ei historie om at skam hadde hindra dei i å danne relasjonar med andre. I ei innlegging kan måtane ein blir møtt på, gjere skamkjensla mindre eller bidra til å forsterke eller auke ho. Brown og Windt-Val (2016) hevdar at det å forstå skam og å akseptere si eiga sårbarheit er nøkkelen til å leve heilhjarta. Vidare hevdar dei at nokre menneske kan utvikle



motstandsdyktigheit mot skam, og at det gjeld å kjenne att skamma og forstå kva som utløyer ho. Det handlar om å eige si historie, dele si historie, erfare å bli møtt med empati og til sist snakke om skamma. Ifølge Brown og Windt-Val (2016) er vi i dagens kultur alle utsette for å kjenne på skam. Det kan føre til at vi internaliserer ei stemme som vi trur på. Vi blir aldri nok – aldri bra nok, aldri pene nok, aldri flinke nok og så bortetter. Dei personane som treng ei innlegging i psykisk helsevern, lever også eit liv utanfor institusjonen. Der er dei ein del av samfunnet, og dei forventingane som vi alle møter, angår også dei.

Skam er tett samanvove med stigma og stigmatisering. Den skamma som veks fram som svar på andre menneske si stigmatisering, er ei sterk skamkjensle. Stigma blir brukt om eit ikkje-ønskt kjenneteikn som skaper utestenging frå fellesskapet. Stigma kan knytast til feil, manglar, funksjonshemming, utsjånad, sjukdom, hudfarge, kjønn, sosial klasse eller seksuell legning (Corrigan, Druss, & Perlick, 2014; Corrigan, Powell, & Rusch, 2012; Farstad, 2016). Stigmatisering er dehumaniserande, og sjølv om det er fleire og gode førebilde som står fram og fortel om psykiske utfordringar og sjukdom, er det knytt meir skam til å ha ei psykisk lidning enn til å ha ein fysisk sjukdom (Farstad, 2016). Stigma er også ei direkte årsak til at menneske med psykiske lidningar ikkje tek kontakt med helsetenestene (Corrigan et al., 2014).

Våre deltakarar opplevde ulike former for skam, og fleire kjende seg stigmatiserte. Fleire av deltakarane gav uttrykk for å vere skamfulle over å vere innlagde på avdelinga og ville ikkje bli sett saman med medpasientar, noko som hindra dei i å vere med på fellesaktivitetar utanfor avdelinga. Slike fellesaktivitetar er meinte å vere terapeutiske tiltak (Olkowska & Landmark, 2016; Skårderud & Sommerfeldt, 2013). Aktivitetar som å gå tur kan vere med på å normalisere kvardagen på avdelinga, som elles er ein unaturleg situasjon. Fleire av våre deltakarar sa derimot at slike fellesaktivitetar kunne få dei til å føle seg enda meir stigmatiserte og enda meir unormale. For andre deltakarar var fellesaktivitetane til stor hjelp. Aktivitetane fekk tida til å gå og hjelpte dei med å samle tankane om andre ting enn eigen sjukdom.

At menneske med psykiske lidningar blir stigmatiserte av andre, er kjent (Corrigan, Morris, Michaels, Rafacz, & Rusch, 2012). Det er også kjent at dei stigmatiserer seg sjølv (Corrigan & Rao, 2012). Å kjenne seg stigmatisert kan også føre til at ein skammar seg (Jones & Crossley, 2008). Slike mekanismar kan forklare kvifor fleire av deltakarane trekte seg

tilbake. Dette blir støtta av studiar som viser at stigmatisering også kan føre til at ein underrapporterer at ein har ei psykisk lidning (Bharadwaj, Pai, & Suziedelyte, 2017; Corrigan et al., 2014; Vuokila-Oikkonen, Janhonen, & Nikkonen, 2002). Andre forskarar hevdar at byrda med å kjenne seg stigmatisert kan vere verre enn det å ha ei psykisk lidning i seg sjølv (Abiri, Oakley, Hitchcock, & Hall, 2016; Thornicroft et al., 2016), og at det for mange fører til isolasjon og dårleg sjølvkjensle (Abiri et al., 2016). Det er forska mykje på skam og psykisk lidning, og det er kjent at mange med psykiske lidningar lir under både skam og stigmatisering.

Larkings, Brown og Scholz (2017) fann at menneske med psykiske lidningar hadde ein tendens til å tru at folk omkring dei trudde at dei psykiske helseutfordringane deira kom av at dei var svake, eller at dei hadde gjort dårlege val. Å leve med psykiske lidningar og sjølvstigma kan føre til sjølvhat, låg sjølvkjensle og mangel på sjølvtilitt. Desse kjenslene kjem i tillegg til andre sitt syn på dei (Leeming & Boyle, 2013). Slike kjensler kan vere øydeleggande for eit terapeutisk behandlingstilgjeld (Billingsley & Corey, 2018). Det å vere skamfull over å ha ei psykisk lidning ser ut til å vere ei vond og vanleg kjensle – ei tilleggsbyrde. Å få snakke om erfaringar som skam og stigma kan hjelpe (Brown & Windt-Val, 2016). Ein studie som er basert på videoopptak av samtaler i samarbeidsmøte på ein sengepost, fann at når pasientane snakka om ei erfaring med skam, reagerte helsepersonellet anten med å ikkje svare eller med å skifte diskusjonstema og stille spørsmål om dagleglivet til pasienten (Vuokila-Oikkonen et al., 2002). Helsepersonell er på si side i ei ekspertstilling som kanskje ikkje er optimal med tanke på dialog med pasientane (Hansen et al., 2019). Brown og Windt-Val (2016) er samde i at det å snakke om skam er krevjande, men meiner at det er farleg å vere taus om skam. Dette synet får støtte frå Farstad (2016), som seier at det er vanskeleg å snakke om skam, men at om ein er taus, kan det forsterke skamma og dermed også forsterke isolasjon og einsemd. Dess mindre vi snakkar om skam, dess meir opplever vi ho. Skamma blir mindre om vi snakkar om ho (Thornicroft et al., 2016).

Som vi ser, er ulike kjensler av skam og stigmatisering av psykisk lidning til hinder for å kunne ta del i ulike miljøtiltak som kan fremme betring. Det å snakke om skam og ta desse kjenslene på alvor ser ut til å vere ein veg å gå i nokre tilfelle. Dette stiller krav til at både helsepersonell og pasientar er sensitive for sin eigen situasjon, og torer å ta opp ting. Dette er krevjande for både helsepersonell og pasientar.

## 5.5 Betring – ein sosial prosess?

Vi kan ha våre beste stunder når vi er åleine. Å vere åleine er ikkje det same som å vere einsam. Svendsen (2015) hevdar at einsemd fortel noko viktig om oss sjølv og vår plass i verda, og at det å vere einsam er eit allmennmenneskeleg fenomen. Likevel viser det seg at for mange er einsemd eit helseproblem som gir auka risiko for psykiske og fysiske lidingar (Beutel et al., 2017; Mushtaq, Shoib, Shah, & Mushtaq, 2014). For dei som blir ramma, kan einsemd vere eit alvorleg problem som kan få konsekvensar for livskvaliteten, og såleis også for den fysiske og mentale helsa. Å snakke om einsemd kan vere vanskeleg, fordi det er skambelagt (Svendsen, 2015). Det viser seg også at dei som er einsame, har eit høgare forbruk av helsetenester (Geller, Janson, McGovern, & Valadini, 1999), og at einsemd er ei direkte årsak til død (Holt-Lunstad, Smith, Baker, Harris, & Stephenson, 2015). I vår studie kom det tydeleg fram at fleire av deltakarane var einsame, noko som blir løfta fram i den tredje artikkelen (Eldal, Natvik, Veseth, Davidson, & Moltu, 2019). Fleire av deltakarane gav tydeleg uttrykk for at dei kjende seg åleine, og at dei lengta etter eit meir sosialt liv og etter noko å fylla dagane med. Behovet for sosial kontakt blei for fleire av deltakarane dekt når dei var innlagde. Nokre framheva at dei fann det vanskeleg å vere i fellesarealet på avdelinga saman med menneske som dei ikkje kjende noko fellesskap med, og at det å bli tvungen til å vere i eit fellesskap som ein ikkje ville ta del i, auka kjensla av å vere einsam og utanfor.

Nilsson (2007) har gjort serielle intervju med åtte menneske med alvorlege psykiske lidingar over eit år. Ho gjorde fem intervju med kvar deltakar, i deira eigen heim. Fellestrekk var at alle hadde kjent på djupneeinsemda vi alle har i oss, og at dei hadde gjort det tidleg. Deltakarane var spesielt sensitive og hadde eit stort hjelpeapparat rundt seg. Nilson fann at hjelpeapparatet var dårleg koordinert. Deltakarane erfarte at hjelparane berre kom innom, ingen av hjelparane hadde snakka med deltakarane om einsemd, og deltakarane gav uttrykk for at dei hadde behov for nokon som lytta. Det er mange likskapar mellom funna i denne studien, og det som vi fann hos våre deltakarar. Hjelpeapparatet er til stades, men likevel klarer dei ikkje å hjelpe deltakarane med det som dei treng hjelp til. Ein deltakar i vår studie hadde spurt hjelpetenesta i kommunen om ho kunne å få ein støttekontakt, ein som kunne vere der som ei støtte, slik at ho kom seg litt ut av huset. Dette blei avfeia, og argumentet var at ho kunne vore støttekontakt sjølv. Mi tolking er at denne kvinna fortalde om sitt behov, men ikkje blei lytta til. Kanskje ville den som jobba i kommunen, gi ho ei oppmuntring

ved å seie at ho/han såg at kvinna var ressurssterk. For kvinna var svaret ei tydeleg avvising som førte til at ho bestemte seg for å ikkje be om hjelp fleire gonger.

Granerud og Severinsson (2006) har gjort fokusgruppeintervju med menneske med psykiske lidningar for å finne ut korleis dei erfarte si tilknytning til samfunnet. I denne studien fann dei at deltakarane kjende på skam, var einsame og følte at dagane gjekk seint, og dei var redde for å bli ekskluderte. Deltakarane i vår studie kjempa for likeverd, og nokre hadde problem med å finne arbeid. Utanforskaping, ulikskap og mangel på arbeid førte til at dei følte seg oversette. Fleire av deltakarane gav uttrykk for at dei var åleine fleire timar kvar dag. Sjølv om deltakarane hadde kontakt med familie og venner, førte isolasjon til einsemd. Å leve eit sosialt liv med støttespelarar rundt seg (Hasson-Ohayon, Lerer, Tuval-Mashiach, Shamir, & Roe, 2016; Topor et al., 2006; Veseth, Binder, & Stige, 2017) samt å vere ein del av samfunnet blir framheva som spesielt viktig, og noko som fremmar betring (Ponce & Rowe, 2018; Tanaka & Davidson, 2017; Townley, 2015). Davidson, Stayner, et al. (2001) legg vekt på at samfunnet må inkludere menneske med psykiske lidningar sjølv om dei ikkje er blitt heilt friske att. Dette vil, i tillegg til vanlege behandlingstilbod som innlegging og rehabilitering, også krevje eit samfunnsutviklingsarbeid som toler at ikkje alle er like. I staden for å streve etter at andre skal bli «normale», hevdar Davidson (2016) at det er viktig å støtte menneske med psykiske lidningar til å leve eit liv som er best mogleg for dei. Det kan hende at personen må leve med ein viss grad av symptom/uførheit i mange år, eller at han må leve med problema sine resten av livet.

Å vere i arbeid, eller vere til nytte for andre, var også viktig for deltakarane i vår studie. Nokre prøvde å få seg arbeid etter utskrivning, men erfarte at det å ha ei psykisk lidning var til hinder for å bli vurdert som ein attraktiv arbeidstakar, noko som auka skamkjensla knytt til lidinga. Deltakarane var redde for å bli sjuke igjen og kunne bekymre seg over økonomien. Det var vanskeleg å snakke med venner og familie om dette, fordi dei kjende skam på grunn av situasjonen dei var i. Deltakarane kunne føle seg stigmatiserte av menneske i nærmiljøet og vere redde for at andre skulle snakke om dei og om innlegginga deira. Fleire av deltakarane i vår studie la spesielt vekt på at dei trekte seg tilbake heime hos seg sjølv (Eldal, Natvik, Veseth, Davidson, & Moltu, 2019). Det å ha nokon å dele gleder og sorger med og å føle seg inkludert, nyttig og anerkjend er viktig for alle, og kanskje spesielt i situasjonar der ein kan falle utanfor i samfunn og nærmiljø.

Fleire studiar har vist at menneske med psykiske lidingar kan ta kontrollen over eige liv ved å bruke ressursar både frå innlegging og frå livet på utsida, og leve liv som er gode for dei (Borg & Davidson, 2008; Topor et al., 2014; Topor & Di Girolamo, 2010). Å leve sitt liv ute i samfunnet kan bli sett på som ein måte å behandle og støtte menneske på i deira eige sosiale miljø basert på eigne vurderingar av behov og i ein normal kontekst (Topor, Andersson, Bulow, Stefansson, & Denhov, 2016). Funna våre viste at for deltakarane var det viktig å halde fast ved dagleglivet også når dei var innlagde. Eit døme var ei kvinne som valde å besøke arbeidsplassen sin ein gong i veka for å ete lunsj saman med kollegaene sine. Målet var å halde kontakten med arbeidsplassen og gjere det lettare å komme tilbake i arbeid etter utskrivning. Recovery skjer i ein sosial relasjon til andre og i daglegdagse omgivnader (Davidson, Stayner, et al., 2001; Topor, Borg, Di Girolamo, & Davidson, 2011b). Dess lenger ein person har hatt psykiske utfordringar, dess større er sjansen for at det sosiale nettverket er endra. Venner og familie kan ha blitt erstatta med profesjonelle som er til stades fordi dei skal hjelpe pasienten med hans eller hennar problem. Desse fagpersonane veit lite om personens livshistorie og kompetansar. Personens tidlegare identitet, som var basert på ein relasjon mellom ulike menneske som såg på denne personen som unik, kan ha blitt erstatta med ein relasjon med profesjonelle i psykisk helsevern (Topor et al., 2011b). Dette samsvarer med funn i vår studie. Det å ha familie og/eller nære venner var det som hadde hjulpet mest etter at deltakarane blei utskrivne. At det å ha nære relasjonar til andre fremmar betring, finn vi også i andre studiar. I ein studie gjekk Veseth et al. (2019) nærmare inn på kva relasjonar har å seie for betring, og gjorde individuelle intervju med menneske som hadde erfart å bli betre frå rusavhengigheit. Deltakarane delte erfaringar om at nære relasjonar kan fremme betring, men at nære relasjonar også kan vere eit hinder for betring dersom relasjonen er prega av konflikhtar. Dette tyder på at folk kan fremme betring, men at folk også kan hemme betring, sidan dei kan bidra til både stabilisering og destabilisering.

#### 5.6 Utskriven, kva no?

Det er godt å kjenne seg trygg, og eit av fleire mål med ei innlegging er nettopp det at pasientane skal føle seg trygge (Delaney & Johnson, 2008). I den tredje artikkelen i vår studie (Eldal, Natvik, Veseth, Davidson, & Moltu, 2019) sa fleire av deltakarane at det var ein stor overgang frå å vere på den trygge avdelinga til å bli skriven ut og skulle klare seg sjølv. Det var blanda kjensler knytte til å reise heim. Det var noko dei såg fram til, men også noko dei kvidde seg til. Mange av deltakarane var ved utskrivning leie av å vere innlagde. Fleire av

deltakarane sa dei kjende at dei hadde hatt godt av innlegginga, og at dei hadde fått betre sjølvkjensle. Det var gjennomgåande at dei kom heim med mykje motivasjon, og at dei i starten brukte mykje tid på å halde på rutinane som dei hadde fått innarbeidd medan dei var innlagde, men etter ei tid sklei desse rutinane ut, og dei gjekk tilbake til gamle mønster. Fleire av deltakarane sa at det var vanskeleg å halde på rutinar heime. Livet «der ute» kunne by på utfordringar. Det kunne skuldast at livet var svært hektisk, men også at dei ikkje lenger klarte å utføre kvardagslege gjeremål. I kvalitative studiar kan ein ikkje generalisere, og det kan ha vore tilfeldig at akkurat desse personane valde å snakke med oss. Likevel finn vi teikn på at mange innleggingar kunne ha vore unngått med eit betre tilbod ute i samfunnet (OECD/EU, 2018). Ei av utfordringane i psykisk helsevern er at tenestene er lite koordinerte. Det er manglande samhandling på tvers av tenester og for lite kontinuitet i oppfølging (Andersen, 2018; Regjeringa, 2009b).

Vi veit frå vår studie at mange menneske ønsker eit liv med meir innhald (Eldal, Natvik, Veseth, Davidson, & Moltu, 2019). Likemannsarbeid har av fleire blitt framheva som eit positivt tilskot til den etablerte helsetenesta (Bellamy, Schmutte, & Davidson, 2017; Davidson, Bellamy, Guy, & Miller, 2012; Naslund, Aschbrenner, Marsch, & Bartels, 2016; Sjøfjell & Myhra, 2015). Davidson, Stayner, et al. (2001) hevdar at venskap, gjensidigheit og håp er inkluderingsselement som kan vere eit grunnlag i arbeidet med å bli betre. Prosessen frå å vere mottakar til å vere likemann kan starte på eit grunnleggjande nivå, som å ete saman, gå på kino eller handle saman. Det å sleppe å ete åleine, kunne kjøpe eit bursdagskort eller ha moglegheit til å nyte kald drikke på ein varm dag er eksempel på korleis ein kan komme inn att som medborgar gjennom eit støttande sosialiseringsprogram (Davidson, Stayner, et al., 2001). Vi finn støtte i studiar som viser at tiltak som hjelper menneske med å vere sosiale, er å ha ein betalt venn samt å få litt pengar til å kunne gå på kino, kafé og liknande. Det vil seie å ha nokon som hjelper deg med små daglege gjeremål, nokon du kan prate med, og nokon som kan vere med og støtte deg slik at du kjem deg ut i samfunnet (Davidson, Haglund, et al., 2001; Davidson et al., 2004).

Diskusjonen over viser at vi framleis har ein veg å gå før vi har etablert ei helseteneste der pasientane kan ta i bruk det dei lærer gjennom ei innlegging, i livet utanfor institusjonen. Det kan sjå ut til at fleire treng støtte også etter utskrivning. Her kan likemannsarbeid og bufellesskap vere gode tiltak.

## 5.7 Implikasjonar for praksis

Funna i vår studie syner at nokre personar opplever ei innlegging som eit riktig og viktig tiltak, og at ei innlegging kan vere til hjelp i ein betringssprosess. Vi ser også at det er nokre utfordringar ved innleggingar. Sjølv om mange kjenner seg sett, lytta til og møtt, er det å sjå den enkelte og den enkeltes utfordringar eit haldningsarbeid som må fortsette (Eldal, Natvik, Veseth, Davidson, Skjolberg, et al., 2019). Vidare kjenner mange av dei som er innlagde, på både skam og stigma (Eldal, Veseth, et al., 2019). Det kan også sjå ut til at ein ikkje lukkast godt nok med å styrke alle pasientanes eigne ressursar medan dei er innlagde (Eldal, Natvik, Veseth, Davidson, & Moltu, 2019). På bakgrunn av diskusjonen om erfaringar med å vere innlagd er det nokre område som ser ut til å vere spesielt viktige:

For å styrke sjølvkjensla og «det friske i pasienten» har mange framheva viktigeita av å bli sett som eit heilt menneske. Dette kan vere eit tenleg fokus i utdanning og i klinisk praksis. Miljøtiltak som aktivitetar og husreglar kan fremme betring for enkelte, medan dei for andre kan vere til hinder for betring. Dette kan peike på at ein i praksis må legge vekt på individuelle behov. For å få til det kan ein sette søkelyset på dette i utdanningane. På bakgrunn av funna ser vi eit behov for å auke fokus på medverknad, slik at kvar enkelt pasient får medverke i sitt eige behandlingstilbod. Dette føreset at vi jobbar for at helsetenestene skal gi pasientane relevant informasjon, noko som også får støtte frå Davidson et al. (2009).

Det er behov for meir openheit. Sjukepleiarar bør tore å snakke med pasientane om det som opptar pasientane. Openheit og samtaler kan for mange føre til mindre skamkjensle og mindre einsemd (Brown & Windt-Val, 2016; Seikkula, 2011). Dette fokuset kan styrkast gjennom å gi grundigare opplæring i og reflektere over autentisk samtale, slik at sjukepleiarane blir tryggare i møte med pasientane. For å minske einsemd kan ein saman med pasienten ha dette som utforskingstema og legge ein plan for korleis ein kan redusere einsemda heime (Topor et al., 2016). Det kan vi gjere gjennom å kartlegge pasientens psykososiale miljø og eventuelle sagn i dette.

Erfaringane som vi har gjort oss gjennom dette arbeidet, viser, støttar og argumenterer for å auke fokus på likemannsarbeid. Dette kan vi oppnå ved å tilsette erfaringsmedarbeidarar i og utanfor institusjonen. For at overgangen frå å vere innlagd til å

vere utskreven skal bli lettare, kan dei som ønsker det, ha ein person som følger dei heile vegen, til dømes ein likemann (Bellamy et al., 2017; Naslund et al., 2016). Dette arbeidet kan styrke overgangane og i tillegg vere med på å sysselsette menneske som elles fell utanfor i arbeidslivet (Davidson, Haglund, et al., 2001). I tillegg treng vi meir fokus på og kunnskap om makt og ulikskapar, og vi må arbeide for å utjamne helseskilnader. Dette kan vi gjere ved å sette søkelyset på desse tinga i utdanningane.

Kunnskapen som vi har erverva gjennom denne avhandlinga, kan vi bruke til å forbetre helsetenestene. Det ser ut til å vere spesielt viktig å auke kompetansen hos både tilsette og pasientar om kva medverknad og recovery-orienterte tenester inneber (Bennetts et al., 2011; Jacob et al., 2017; Joergensen & Praestegaard, 2018; Rise & Steinsbekk, 2016). Dette kan vi blant anna gjere ved å tilsette menneske med eigenerfaring i alle ledd i helsetenesta. Ved å ha fokus på dette i utdanningane vil vi i framtida møte sjukepleiarar som har det som ein integrert del av sin sjukepleiaridentitet.

## 5.8 Styrkar og svakheiter ved studien

Heilt frå starten var dette forskingsprosjektet tenkt som eit brukarinvolvert forskingsprosjekt. Dersom eg hadde valt ei anna tilnærming, ville vi fått andre svar (Malterud, 2017), og med andre forskarar og medforskarar ville resultatane blitt annleis. Min ståstad har påverka kva forskning eg les, kva forskning eg har valt å diskutere opp mot, og korleis eg vel å skrive og argumentere (Finlay & Gough, 2003). Det at eg har blitt så godt kjend med medforskarane, og at vi har hatt regelmessige møte gjennom fire år, vil også ha noko å seie for korleis eg ser både på samarbeidsforskning og på menneske som har ei psykisk lidning. Dette har påverka meg i analysearbeidet – kva tema eg har valt å gå vidare med, og kva tema som ikkje har fått så stor plass. Eg valde ut tema til analysesmøta, det vil seie at eg på førehand tok eit val om kva dei andre fekk lese, og dermed kva dei fekk moglegheit til å diskutere ut frå. To av medlemmene i gruppa las gjennom dei 14 første intervjuane. Dermed kunne dei komme med innspel til tema dersom det var tema dei meinte eg hadde oversett.

Eg var hovudforfattar på dei tre artiklane i avhandlinga. MFE-ane Åse Skjølberg og Dorte Gytri medverka i større grad enn resten av gruppa, fordi dei både var med på intervju og deltok saman med resten av gruppa i analysearbeidet. I arbeidet med artiklane var det MFF-ane som hadde den største rolla. Skjølberg og Gytri las gjennom og kommenterte



innhaldet i dei to første artiklane. Spesielt i funndelen var dette nyttig, då dei hadde vore med på både intervju og analyse og kunne seie om dei kjende att deltakarane si stemme i artiklane. Når det gjaldt dei andre delane av artikkelarbeidet, blei det vanskelegare for dei å gi innspel på grunn av krav til forskingsartiklar (Happell, Gordon, Bocking, Ellis, Roper, Liggins, Platania-Phung, et al., 2018). Her var det MFF-ane sin kompetanse som var vesentleg for å kunne framstille funna i artikkelform etter akademiske normer og reglar.

Mi manglande erfaring med å jobbe innanfor psykisk helsevern har hatt både positive og negative sider. Eg har kanskje fått auge på ting og undra meg over ting som for andre var opplagde, men manglande kunnskap kan også ha ført til at det var ting eg ikkje heilt forstod eller fekk auge på. I starten var eg blant anna veldig overraska over at alle snakka om historia innanfor psykisk helsevern, og kva ho hadde å seie for dagens behandling. Etter kvart som eg har blitt betre kjend med fagfeltet, ser eg at denne historia er med på å påverke dagens behandlingstilbod. Eg har tidvis følt på at det å ikkje ha eigenerfaring med å jobbe i eller vere pasient i psykisk helsevern førte til at eg ikkje hadde god nok oversikt over fagfeltet. På same tid har det kanskje ført til at fokuset i denne studien er på eigenerfaringa til dei som har opplevd å vere innlagde i psykisk helsevern.

Vi veit ikkje alt om kvifor deltakarane ville delta i studien, men nokre av dei hadde ein tydeleg agenda. Nokre ville vere med for å auke kunnskapen om innlegging og vise at ei innlegging kan hjelpe. Andre var med fordi dei ville ha fokus på det som ikkje fungerte innanfor psykisk helsevern. Atter andre var med fordi deltakinga i studien var eit avbrekk i kvardagen på avdelinga. Vi kan tenke at dei som valde å vere med, gjorde dette fordi dei hadde ei spesiell interesse av å bidra med sine erfaringar. Medforskarane i denne studien blei med fordi dei ønsker å påverke framtidens helseteneste, og fordi dei har opplevd å bli møtt av ei helseteneste som dei meiner har forbettringspotensial.

I dette prosjektet hadde alle tre MFF-ane tru på denne måten å jobbe på, og dei var opne og nysgjerrige på arbeidsforma. To av dei hadde i tillegg erfaring med slike prosjekt frå før. Dette førte til at prosjektet fekk vere opent, og at MFF-ane tolte å stå i usikkerheita om kva prosjektet ville føre til. Dette var til tider krevjande, fordi det utfordra den akademiske tankegangen (Locock et al., 2019; Staley & Barron, 2019; Telford & Faulkner, 2009). I tillegg utfordra det systema for forskning, til dømes REK-søknaden, som i utgangspunktet trengte ein grundig plan for korleis ting skulle gjennomførast. Her måtte vi argumentere for kvifor vi

ikkje kunne ha ein detaljert plan for studiedesign, då vi skulle søke om å få prosjektet godkjent.

Funna har overføringsverdi ut over studien og er relevante for dei som arbeider innanfor liknande kontekstar, men dei vil også kunne bli lesne av dei som nyttar tenestene. Overføringsverdien heng saman med korleis kunnskapen blir teken imot og (eventuelt) omsett / teken i bruk av dei det gjeld, og vil vise seg over tid (Andenæs, 2000). Funna vil kunne bli brukte for å reflektere over og for å skape betre helsetenester innanfor psykisk helsevern i Noreg. Helsetenestene i Noreg er annleis oppbygde enn i mange andre land. Dette gjer at dei av funna som omhandlar system, ikkje nødvendigvis kan overførast til eit anna land og ein annan kontekst. Likevel er dei funna som omhandlar relasjonar mellom menneske, i stor grad relevante på tvers av landegrenser.

## 6 Implikasjonar for forskning

Gjennomføringa av dette forskingsprosjektet opna også opp for nye spørsmål. Eg vil spesielt trekke fram tre ting:

1. Det verka som at deltakarane ikkje visste at dei kunne medverke, og korleis det var forventa at dei kunne medverke. Betyr det at pasientar ikkje har fått sjansen, eller betyr det at dei ikkje vil medverke? Det synest nødvendig å utforske dette nærmare.
2. Eit anna forskingsområde som har utpeika seg, er korleis ein kan legge til rette for og utvikle ei helseteneste som i større grad hjelper pasienten til å vareta og auke viljen og evna til å meistre eigen kvardag der dei bur, med eller utan symptom på sjukdommen.
3. Det at så mange av deltakarane kjende seg einsame, er også eit område som treng å undersøkast meir. Kva er det menneske med psykiske lidingar treng og ønsker når dei er heime hos seg sjølv? Korleis kan vi legge til rette for at dei får ein betre kvardag der dei bur?

Forskinga har også gitt meir kunnskap om det å forske saman med menneske med eigenerfaring på eit metodisk nivå. Denne kunnskapen kan bli brukt i nye forskingsprosjekt. Sjølv om vi no har litt erfaring med denne måten å forske på, er vi framleis i startgropa. Tre erfaringspunkt frå dette prosjektet synest særleg relevante:

1. Vi må fortsette å fokusere på å forske saman med menneske med eigenerfaring. Dette gjer at forkinga har relevans for dei det gjeld. Vi manglar framleis kunnskap, og metodane må vidareutviklast. Vi må blant anna sjå på kva vi kan lære av slike prosjekt.
2. Vi må fokusere på at vi i kvart forskingsprosjekt vurderer om det er tenleg med involvering i forkinga, og kor/når i forskingsprosessen det i så fall er tenleg. Dette gjer vi ved å tore å snakke om desse tinga og avklare forventingar og roller tidleg i prosessen, men også ta det opp att seinare i prosessen.
3. Dersom medforskning berre skjer på papiret, vil det kunne skade denne forkinga i staden for å utvikle ho. Vi manglar kunnskap om og erfaring med korleis vi praktisk kan gjennomføre dette på ein slik måte at alle partar kjenner seg varetekne,

respekterte og forståtte. På same tid må vi ha fokus på at forskinga skal vere av høg kvalitet, relevant og nyttig.

Vi kan ta med oss desse erfaringane inn i nye prosjekt for å vidareutvikle metoden. Sjølv om det er krevjande for alle som vel å involvere seg i slike prosjekt, må vi tore å prøve og feile og på den måten tileigne oss ny kunnskap.

## 7 Litteraturliste

- Abiri, S., Oakley, L. D., Hitchcock, M. E., & Hall, A. (2016). Stigma Related Avoidance in People Living with Severe Mental Illness (SMI): Findings of an Integrative Review. *Community Mental Health Journal, 52*(3), 251-261. doi:10.1007/s10597-015-9957-2
- Abma, T., Banks, S., Cook, T., Dias, S., Madsen, W., Springett, J., & Writght, M. (2019). *Participatory Research for Health and Social Well-Being*. In. doi:https://doi.org/10.1007/978-3-319-93191-3
- Andenæs, A. (2000). Generalisering. Om ringvirkninger og gjenbruk av resultater fra en kvalitativ undersøkels. In H. Haavind (Ed.), *Kjønn og fortolkende metode: Metodiske muligheter i kvalitativ forskning*. Oslo. Gyldendal Akademisk.
- Andersen, A. J. W. (2018). *Psykisk helsearbeid : en gang til*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Anthony, W. A. (1993). Recovery from mental illness: The guiding vision of the mental health service system in the 1990s. *Psychosocial Rehabilitation Journal, 16*(4), 11-23. doi:10.1037/h0095655
- Bacha, K., Hanley, T., & Winter, L. A. (2019). 'Like a human being, I was an equal, I wasn't just a patient': Service users' perspectives on their experiences of relationships with staff in mental health services. *Psychology and Psychotherapy Theory, Research and Practice, 0*(0). doi:10.1111/papt.12218
- Barnicot, K., Insua-Summerhayes, B., Plummer, E., Hart, A., Barker, C., & Priebe, S. (2017). Staff and patient experiences of decision-making about continuous observation in psychiatric hospitals. *Social Psychiatry and Psychiatric Epidemiology, 52*(4), 473-483. doi:10.1007/s00127-017-1338-4
- Bee, P., Brooks, H., Fraser, C., & Lovell, K. (2015). Professional perspectives on service user and carer involvement in mental health care planning: a qualitative study. *International Journal of Nursing Studies, 52*(12), 1834-1845. doi:10.1016/j.ijnurstu.2015.07.008
- Bellamy, C., Schmutte, T., & Davidson, L. (2017). An update on the growing evidence base for peer support. *Mental Health and Social Inclusion, 21*(3), 161-167. doi:10.1108/Mhsi-03-2017-0014
- Bennetts, W., Cross, W., & Bloomer, M. (2011). Understanding consumer participation in mental health: Issues of power and change. *International Journal of Mental Health Nursing, 20*(3), 155-164. doi:10.1111/j.1447-0349.2010.00719.x
- Beresford, P. (2019). Public Participation in Health and Social Care: Exploring the Co-production of Knowledge. *Frontiers in Sociology, 3*(41). doi:10.3389/fsoc.2018.00041
- Beutel, M. E., Klein, E. M., Brahler, E., Reiner, I., Junger, C., Michal, M., . . . Tibubos, A. N. (2017). Loneliness in the general population: prevalence, determinants and relations to mental health. *BMC Psychiatry, 17*(1), 97. doi:10.1186/s12888-017-1262-x
- Beyene, L. S., Severinsson, E., Hansen, B. S., & Rørtveit, K. (2018). Shared Decision-Making—Balancing Between Power and Responsibility as Mental Health-Care Professionals in a Therapeutic Milieu. *SAGE Open Nursing, 4*, 2377960817752159. doi:10.1177/2377960817752159
- Bharadwaj, P., Pai, M. M., & Suziedelyte, A. (2017). Mental health stigma. *Economics Letters, 159*, 57-60. doi:10.1016/j.econlet.2017.06.028
- Billingsley, K. Y., & Corey, D. R. (2018). Deconstructing Racial Stigma in the Therapeutic Relationship. In A. C. Brittany & A. C. Holly (Eds.), *Deconstructing Stigma in Mental Health* (pp. 1-19). Hershey, PA, USA: IGI Global.
- Binder, P. E., Holgersen, H., & Moltu, C. (2012). Staying close and reflexive: An explorative and reflexive approach to qualitative research on psychotherapy. *Nordic Psychology, 64*(2), 103-117. doi:10.1080/19012276.2012.726815
- Binder, P. E., Schanche, E., Holgersen, H., Nielsen, G. H., Hjeltnes, A., Stige, S. H., Moltu, C. (2016). Why do we need qualitative research on psychological treatments? The case for discovery, reflexivity, critique, receptivity, and evocation. *Scandinavian Psychologist, 3*, e8. Henta 01.06.2019 frå: <https://doi.org/10.15714/scandpsychol.3.e8>

- Bird, V., Leamy, M., Tew, J., Le Boutillier, C., Williams, J., & Slade, M. (2014). Fit for purpose? Validation of a conceptual framework for personal recovery with current mental health consumers. *Australian & New Zealand Journal of Psychiatry, 48*(7), 644-653. doi:10.1177/0004867413520046
- Biringer, E., Davidson, L., Sundfor, B., Ruud, T., & Borg, M. (2016). Experiences of support in working toward personal recovery goals: a collaborative, qualitative study. *BMC Psychiatry, 16*(1), 426. doi:10.1186/s12888-016-1133-x
- Blacker, R., Kurtz, A., & Goodwin, A. (2017). An in-depth observational study of an acute psychiatric ward: combining the psychodynamic observational method with thematic analysis to develop understanding of ward culture. *Psychoanalytic Psychotherapy, 31*(1), 4-20. doi:10.1080/02668734.2016.1275037
- Borg, M., & Davidson, L. (2008). The nature of recovery as lived in everyday experience. *Journal of Mental Health, 17*(2), 129-140. doi:10.1080/09638230701498382
- Borg, M., Karlsson, B., & Stenhammer, A. (2013). *Recoveryorienterte praksiser : en systematisk kunnskapssammenstilling*. Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid (NAPHA). Henta 02.03.2019 frå: <https://www.napha.no/multimedia/4281/NAPHA-Rapport-Recovery-web.pdf>
- Borg, M., & Kristiansen, K. (2009a). Medforskning : å forske sammen for kunnskap om psykisk helse. Oslo: Universitetsforl.
